

## TYSVÆR KONTROLLUTVAL

### INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: tysdag 28. mai 2013

Tid: kl. 18.00

Sted: Kårstørrommet, Tysvær rådhus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller tlf 95 98 69 79 /sms/ e-post: *tha.kontrollutvalgene.no*

Ved forfall blir varamedlemmer innkalla særskilt. Medlem som må melde forfall eller meinar seg ugild, må gi melding om dette så tidleg som råd er slik at varamedlem kan bli innkalla.

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

*Rådmannen og personalsjefen vil møte i sak 8/13 for å orientere om barnehagebygging og om langtidssjukemeldte og i sak 9/13 om årsrekneskapen saman med økonomisjefen.*

---

#### Sakliste:

7/13 Godkjenning av protokoll frå møte 05.03.13 og særutskrift i sak 6/13 frå 22.04.13

8/13 Referatsaker 28.05.13

9/13 Uttale til Tysvær kommune sitt årsrekneskap 2012

10/13 Utkast til prosjektplan - forvaltningsrevisjon - vedlikehald av kommunale bygg og anlegg i Tysvær kommune

#### Eventuelt

Aksdal, 21.05.13

Laila R. Nemeth  
nestleiar (sign.)

  
Toril Hallsjø  
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)  
Revisor (møte- og talerett)  
Rådmann (invitert i sak 8 og 9)  
Varamedlemmer (til orientering, unnatak av 1.varamedlem som er innkalla for leiar)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.05.13	7/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

## GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 05.03.13 OG SÆRUTSKRIFT I SAK 6/13 FRÅ 22.04.13

**Vedlegg:** Protokoll 05.03.13 og særutskrift i sak 6/13 frå 22.04.13

### Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 05.03.13 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

Vedlagt følgjer også særutskrift i hastesak 6/13 som blei handsama skriftleg med heimel i § 30.2 den 22.04.13.

### SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 05.03.13 og særutskrift i sak 6/13 frå 22.04.13 blir godkjent slik dei ligg føre.

Aksdal, 21.05.13

Toril Hallsjø  
Dagleg leiar/utvalssekretær

**TYSVÆR KONTROLLUTVAL****PROTOKOLL**

Tysdag **5. mars 2013** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Jakob Alstveit.

<b>MØTESTAD:</b>	Kårstørrommet, Tysvær rådhus
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 18.00 – kl. 20.20
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Jakob Alstveit (Sp), Gunnar Egge (V), Laila Ramstad Nemeth (A), Randi Rettedal (Frp) og Tormod Førland (H)
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>MØTANDE VARAMEDLEM</b>	Ingen
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Dagleg leiar/utvalssekreterar Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Partner/revisor Trond Kampen, KPMG AS, sak 5/13
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL INNKALLING</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	To saker blei meldt under Eventuelt. Sak 5/13 blei handsama som fyrste sak.

**FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:****SAK 1/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 20.11.12****Sekretariatet si innstilling:**

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 20.11.12 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 05.03.13:**

Randi Rettedal meinte at i sak 25/12 under pkt. 2 mangla orda «at det». Elles ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.03.13:**

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 20.11.12 blir godkjent, med tillegg av orda «at det» i sak 25/12 pkt. 2.

## SAK 2/13 REFERATSAKER 05.03.13

1. Opne møte i kontrollutval og kommunale føretak fra 01.07.13
2. Skatteregnskap – årsrapport og årsregnskap for 2012
3. Skatt vest - kontrollrapport 2012 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen for Tysvær
4. Statusoversikt mars 2013
5. NKRF si konferanse 06.-07.02.13
6. Sjukefravær 4. kvartal 2012 og totalt for 2012

### **Handsaming i kontrollutvalet 05.03.13:**

Leiar informerte om at plan for selskapskontroll og plan for forvaltningsrevisjon blei vedtatt av kommunestyret i desember. Særutskrift er ikkje mottatt.

Utvælet reagerte på at samla sjukefråvårsprosent igjen viste ei auke og ønskte ny orientering i neste møte om kva kommunen gjer for å følgje opp dei langtidssjukemeldte. Sist orientering om HMS-arbeidet i kommunen var i mars 2010 v/kommunalsjef og personalkonsulent.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.03.13:**

*Kontrollutvalet tar referatsakene 1-6 til orientering.*

*Kontrollutvalet vil be om ei orientering om arbeidet med dei langtidssjukemeldte i kommunen i neste møte.*

## SAK 3/13 RAPPORT – SELSKAPSKONTROLL – INTERKOMMUNALT ARKIV I ROGALAND (IKA) IKS

### **Sekretariatet si innstilling:**

1. Tysvær kommunestyre tek den framlagde selskapskontrollen av Interkommunalt Arkiv IKS til etterretning.
2. Rapporten vert oversendt eigarkommunane og selskapet. Selskapet vert bedt følgje opp rapporten sine konklusjonar og tilrådingar. Kontrollutvalet følgjer opp tilrådingane når det gjeld selskapet i løpet av hausten 2013.

### **Handsaming i kontrollutvalet 05.03.13:**

Utvælet drøfta rapporten, som dei meinte ikkje var like lett å lese. Innstillinga var også noe vag. R. Røttedal meinte første kulepunkt i rapporten på side 5 burde vore delt opp i eige punkt, slik at tilrådinga om «*en årlig, skriftilig egenvurdering*» når det gjeld styret si habilitet, hadde komme tydlegare fram. Utvælet sluttar seg sekretariatet si endra innstilling.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.03.13 og innstilling til kommunestyret:**

1. *Tysvær kommunestyre tek den framlagde selskapskontrollen av Interkommunalt Arkiv IKS til etterretning.*
2. *Rapporten vert oversendt Tysvær kommune som eigarkommune og kommunen v/ordførar og rådmann vert bedt om å følgje opp rapporten sine tilrådingar.*
3. *Kontrollutvalet følgjer opp tilrådingane når det gjeld selskapet i løpet av hausten 2013.*

## SAK 4/13 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2012

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Tysvær godkjenner årsmelding for 2012.

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2012 frå kontrollutvalet til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 05.03.13:**

Det blei vist til feil under pkt. 2 om møte- og talerett. Etter utvalet sitt reglement pkt. 7.4 har leiar og nestleiar møterett i kommunestyret og talerett i utvalet sine saker. Dette var ei utviding frå lov og forskrift. Utvalet meinte årsmeldinga elles gav eit rett bilet av aktiviteten i fjor og slutta seg til innhaldet

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.03.13:**

*Kontrollutvalet i Tysvær godkjenner årsmelding for 2012 med ein retting under pkt 2 om møte- og talerett.*

### **Samrøystes innstilling til kommunestyret 05.03.13:**

*Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2012 frå kontrollutvalet til orientering.*

## SAK 5/13 UTKAST TIL PROSJEKTPLAN – SAMHANDLING I TYSVÆR KOMMUNE

### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval bestiller forvalningsrevisjonsprosjektet ”Samhandling i Tysvær kommune” i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre (evt. med desse endringane). Ramma vert sett til 200 timer.

### **Handsaming i kontrollutvalet 05.03.13:**

Revisor gjorde greie for prosjektet sitt føremål og utkast til problemstillingar. Utvalet reagerte på endring av bestilling frå «*Samarbeid på tvers av tenesteområda*» til «*Samhandling*» og meinte at orda ikkje uttrykte det same. Etter framlegg frå leiar vart utvalet samd i å bytte ut Flyktningtenesta med tilbod innan Psykiatri/rus, då dei vurderte denne tenesta som meir aktuell å sette fokus på.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.03.13:**

*Tysvær kontrollutval bestiller forvalningsrevisjonsprosjektet «*Samarbeid på tvers av tenesteområda i Tysvær kommune*» i tråd med utkast til prosjektplan som ligg føre med desse endringane.*

*Prosjektet vert kalla «*Samarbeid på tvers av tenesteområda*» og ordet «*samhandling*» og «*tverrfagleg samarbeid*» vert bytta ut med «*samarbeid på tvers av tenestområda*». Prosjektet vil sjå nærrare på tilbodet innan økonomisk sosialhjelp, barnevern og psykiatri/rus.*

*Ramma vert sett til 200 timer.*

## EVENTUELTT

### Sysco Arena-saka

L. Nemeth ønskete ei orientering om saka. Leiar var til stades på formannskapsmøte i januar der styreleiar og rådmann orienterte. Utvalet drøfta prosessen i forkant og om saka hadde vore skikkeleg utreda før vedtak. Tre av medlemmene gjorde merksam på at dei hadde vore med under kommunestyrehandsaminga og ville dermed vere ugilde. Utvalet valde å avvente saka.

### Skjoldastrauen og barnehageutbygging

R. Rettedal viste til e-post 27.02.13 frå Aksjonsgruppa «Skjoldastrauen i fokus» der dei ber om at kontrollutvalet kan sjå om det er grunnlag for å sjå nærmare på saka og på prosessen. Ho hadde ikkje oversendt e-posten til sekretær eller hadde den med seg i møte. Saka var difor noko uklar, men det var klart at dei hadde fleire spørsmål i etterkant av folkemøte i februar om tidlegere vedtak og planar framover for bygda.

Utvalet var samd i å sende over saka til rådmannen slik at spørsmåla kunne bli svara på. Vidare ønskete utvalet å kalla inn rådmannen til ei orientering i neste møte, jf. utvalet sitt reglement pkt. 6.1.

### Lesebrett

Leiar opplyste at han to gonger har nemnd for ordførar at det er to medlemmer som ikkje har lesebrett. Utvalet vil sterkt oppmoda om at utvalet blir tildelt brett så snart som mogeleg, då utvalet er lovpålagt og skal følgje med på kommunen sine dokumenter og postlister.

### Neste møte

Neste møtedato er sett til tysdag **28. mai** for uttale om rekneskap 2012. I følgje møteplan skal det vere formannskapet ha møte 11.juni og kommunestyret tysdag 18. juni. Leiar melde forfall til neste møte.

Aksdal, 5. mars 2013

Jakob Alstveit (sign.)  
Kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)  
Utvalsssekretær

## TYSVÆR KONTROLLUTVAL

### SÆRUTSKRIFT

Med heimel § 30.2 vedtok utvalsleiar Jakob Alstveit å ta saka opp til handsaming med skriftleg sakshandsaming i kontrollutvalet torsdag 19. april 2013 med frist med tilbakemelding frå medlemmene til måndag 22. april 2013.

**MEDLEMMER:**

Jakob Alstveit (Sp), Laila Ramstad Nemeth (A), Gunnar Egge (V), Randi Rettedal (Frp) og Tormod Førland (H)

**FORFALL:**

Ingen

**SEKRETARIATET:**

Dagleg leiar/utvalssekreter Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

**MERKNADER TIL INNKALLING:**

Alle samtykka til at saka vart handsama skriftleg via e-post.

**FØLGJANDE SAK BLEI HANDSAMA:**

**SAK 6/13      ENDRING    AV    FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT    TIL  
VEDLIKEHALD AV KOMMUNALE BYGG OG ANLEGG**

**Saksorientering:**

Kontrollutvalet bad i møte 20.11.12, sak 23/12 revisor om å leggja fram eit prosjektmandat om «Samarbeid på tvers av tenesteområda» til neste møte I møtet 05.03.13, sak 5/13 vedtok utvalet samrøystes:

*Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjekt «Samarbeid på tvers av tenesteområda i Tysvær kommune» i tråd med utkast til prosjektplan som ligg føre med desse endringane:*

*Prosjektet vert kalla « Samarbeid på tvers av tenesteområda» og ordet «samhandling» og «tverrfagleg samarbeid» vert bytta ut med «samarbeid på tvers av tenestområda».*

*Prosjektet vil sjå nærer på tilbodet innan økonomisk sosialhjelp, barnevern og psykiatri/rus Psykiatri/rus. Ramma vert sett til 200 timer.*

Føremålet med prosjektet skulle vere å undersøka i kva grad kommunal sakshandsaming og forvaltning sikrar at brukarar av utvalde, samansette tenester mottar eit heilskapleg tenestetilbod. For å få eit godt bilete av dette, ville revisor undersøke korleis kommunen sikrar korrekt sakshandsaming samt eit godt og effektivt samarbeid innanfor – og på tvers av – resultat- og tenesteområda i kommunen. Undersøkinga vil inkludere kartlegging og vurdering av formelle rutinar og forvaltningspraksis.

Øyvind Hauge Støle i KPMG sendte 09.04.13 følgjande e-post til utvalsleiar med kopi til sekretariatet:

*Jeg skal være prosjektleder på prioritert prosjekt om samarbeid på tvers av tjenesteområder i Tysvær kommune, som kontrollutvalget bestilte i sitt møte i mars.*

*Nå har jeg snakket med rådmannen, og han hadde en del nyttig informasjon som gjør at jeg tar kontakt med deg nå. Rådmannen pekte på at kommunestyret den senere tid har satt i gang to større gjennomganger av tjenesteproduksjonen i kommunen som ligger tett opp mot temaene i forvaltningsrevisjonen.*

*Det første er en samlet gjennomgang av omsorgstjenestene, blant annet inkludert psykisk helse (som er tema for forvaltningsrevisjonen gjennom psykiatri/rus). Tilsvarende har kommunestyret bedt om en samlet gjennomgang av tjenestetilbudet for barn og unge, inkludert alle relevante tjenester innenfor helse og forebygging – dette prosjektet starter opp nå i mai. Bakgrunnen for disse gjennomgangene er slik jeg forstår det knyttet til behov for kostnadsreduksjoner, men fokus på organisering og forvaltningspraksis inngår i arbeidet.*

*Rådmannen skal legge frem en prosjektrapport for gjennomgangen av omsorgstjenestene i neste uke (17.04), mens gjennomgangen av tjenestetilbudet for barn og unge er i oppstartsfasen. I tillegg oppfattet jeg det slik at kommunestyret har bedt om en ytterligere gjennomgang som har fokus på styrking av tverrfaglig samarbeid gjennom hele livsløpet.*

*Dette er informasjon som vi ikke var kjent med fra før, og som vi synes det er riktig å høre med kontrollutvalget om dere er kjent med/har vurdert.*

*Rådmannen pekte på at timingen for gjennomføringen av forvaltningsrevisjonsprosjektet med tema samarbeid på tvers av tjenesteområdene, ikke fremstår som optimal på grunn av ovenstående.*

*Som revisor vil vi peke på at kontrollutvalget selvsagt er suverene i valg av tema for prosjekt, og at det vil være fullt mulig å gjennomføre prosjektet som planlagt. Vi har likevel forståelse for rådmannens innspill, og ber på den bakgrunn om å få tatt et telefonmøte med deg og sekretariatsleder for å diskutere mulige løsninger – helst i løpet av uken. Jeg har diskutert dette kort med sekretariatsleder tidligere i dag, og vi var enige om at vi tre burde ta en prat.*

Utvalsleiar kontakta straks medlemmene pr. telefon om saka og drøfta om evt. skifte av prosjekt før helga 13-14. april. Alle var samd i at det var fornuftig å stoppe noverande prosjekt og heller velje eit anna. Alternativt prosjekt som blei nemnd, var då vedlikehald av kommunale bygg og anlegg.

I telefonmøte torsdag 18.04.13 med revisor, utvalsleiar og sekretær blei ein samd i at saka skulle leggast fram for utvalet med **skriftleg sakhandsaming** (eigen forskrift), og med framlegg om å stanse vidare arbeid med bestilt prosjekt og be om nytt prosjektmandat til neste møte.

I følgje vedtatt plan for forvaltningsrevisjon for 2012- 2016 har utvalet fått fullmakt til å foreta endringar. Etter planen er følgjande område vald ut for forvaltningsrevisjon:

- Økonomi/ budsjett
- Brannberedskap
- Vedlikehald av kommunal bygg
- Budsjettoverskrivingar
- Utgifter i skulesektoren
- Samarbeid på tvers av tenesteområde
- Kommunen som organisasjon
- Internkontroll / kvalitetssystem
- Vedlikehald av kommunal bygg

Sekretariatet støttar framlegget om skifte av prosjekt basert på dei gjennomgangar som administrasjonen har satt i gang og/eller som er planlagt.

Nytt prosjekt vil då omhandle vedlikehald av kommunale bygg. Utvalsleiar var også interessert i at prosjektet også såg nærmare på vedlikehald av vass- og kloakkrør i ytre del av kommunen.

Revisor er interessert i innspel underveis, men saka vert no fremma slik at nytt arbeid kan settast i gang og at prosjektet vert bestilt i neste møte.

#### **Sekretariatet si innstilling 19.04.13:**

Tysvær kontrollutval ber KPMG AS stanse arbeidet med på forvaltningsrevisjonsprosjektet «*Samarbeid på tvers av tenesteområda i Tysvær kommune*» på bakgrunn framlagte opplysningar.

Tysvær kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg" til neste møte 28.05.13.

#### **Handsaming i kontrollutvalet 19.04.13 – 22.04.13:**

Skriftleg sakshandsaming har si heimel i kommunelova § 30 nr 2 og krev at alle (tilgjengelege) medlemmer sluttar seg til vedtaket og til at saka blir avgjort på denne måten.

Alle medlemmene slutta seg til innstillinga gjennom sine svar pr. e-post i dagane frå 19.04.13 til 22.04.13. Svara er tatt ut på papir og ligg ved saka i arkivet.

#### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.04.13:**

*Tysvær kontrollutval ber KPMG AS stanse arbeidet med på forvaltningsrevisjonsprosjektet «Samarbeid på tvers av tenesteområda i Tysvær kommune» på bakgrunn framlagte opplysningar.*

*Tysvær kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg" til neste møte 28.05.13.*

Aksdal, 22. april 2013

Jakob Alstveit (sign.)  
Kontrollutvalsleiar

  
Toril Hallsjø (sign.)  
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.05.13	8/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø		

**REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 28.05.13**

6. Arbeidet med å få ned langtidsfråværet v/personal- og org.sjefen
7. Sjukefråværstatistikk 1. kvartal 2013 m/vedlegg
8. Barnehageutbygging i Skjoldastrumen v/rådmannen
9. Pressemelding fra KDR om rapport om interkommunalt samarbeid
10. Representantskapsmøte i IKA IKS 24.april (IM)
11. Representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 25. april (IM)
12. Representantskapsmøte i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS 7. mai (IM)
13. Representantskapsmøte i HIM IKS 15. mai.13 (IM)
14. Generalforsamling i Haugaland Kraft AS 3. juni kl. 15.00 (IM)
15. Generalforsamling i Haugalandspakken AS 11. juni kl. 15.00(IM)
16. Generalforsamling i Haugaland Bompengeselskap AS 11. juni kl. 15.30

**Saksorientering:**

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

Referatsakene nr 6 - 16 blir tatt til orientering.

Aksdal, 21.05.13

Toril Hallsjø  
Dagleg leiar/utvalssekreter

Utvalet reagerte på at samla sjukefråværsprosent igjen viste ei auke og ønskete ny orientering i neste møte om kva kommunen gjer for å følgje opp dei langtidssjukemeldte. Sist orientering om HMS-arbeidet i kommunen var i mars 2010 v/kommunalsjef og personalkonsulent.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.03.13:**

*Kontrollutvalet tar referatsakene 1-6 til orientering.*

*Kontrollutvalet vil be om ei orientering om arbeidet med dei langtidssjukemeldte i kommunen i neste møte.*

Rett utskrift:



Toril Hallsjø (sign.)  
Utvalssekreterær

## SJUKEFRÅVÆRSSTATISTIKK 1.KVARTAL 2013

### Kvartalsrapport -1. kvartal 2013

#### SJUKEFRÅVÆRSRAPPORT TYSVÆR KOMMUNE - OVERSIKT RESULTATOMRÅDER 2009-2013

Sjukefråværet i 1. kvartal 2013 er på totalt 9,6 %. Dette er en oppgang på 0,5 % frå 1. kvartal 2012. Den kjønnsmessige fordelinga viser at sjukefråværet for kvinner har ei auke på 0,3 %, mens det for menn er en auke på 1,3 %. Oppgangen i sjukefråværet hos menn så vi også i 4 kvartal 2012.

#### Kvartalsvis rapport 2009-2013

SJUKEFRÅVÆRSRAPPORT TYSVÆR KOMMUNE Kvartalsvis rapport 2009-2013															
Prosent syk	3.kv. 09	4.kv. 09	1.kv. 10	2.kv. 10	3.kv. 10	4.kv. 10	1.kv. 11	2.kv. 11	3.kv. 11	4.kv. .11	1.kv. .12	2.kv. .12	3.kv .12	4.kv .12	1. kv 13
Kvinne	7,5	8,6	8,7	7,3	5,6	8,6	9,8	7,3	5,1	8	10,1	8,4	6,2	9,2	10,4
Menn	5,5	7,6	5,5	3,5	3,2	3,9	5,4	4,1	3,4	3,7	5,4	4,5	3,7	5,3	6,7
Total	7,1	8,4	8,1	6,5	5,1	7,6	8,9	6,6	4,7	7,1	9,1	7,6	5,7	8,4	9,6

Frå 1. kvartal 2013 er det kjørt ny sjukefråværsrapport med endringar i utvals koder.  
Dette medfører at det blir noe mindre differansar mot gammal rapport som var basert på et anna utvalstrekk.

#### Fordeling av korttids og langtids fråvær

Samanlikna med 1. kvartal 2012 ser vi at det er fråværet over 16 dagar som auke mest, det auke med 0,7 % frå same kvartal i fjar. Det legemeldte fråværet på 1-16 dagar går opp med 0,1 %, mens det eigenmeldte fråværet går ned med 0,2 % i første kvartal 2013 samanlikna med same kvartal i fjar.

Prosent syk	1.kv 10	2.kv. 10	3.kv. 10	4.kv. 10	1.kv. 11	2.kv. 11	3 kv. 11	4.kv. 11	1.kv. 12	2.kv. 12	3.kv. 12	4.kv. 12	1.kv. 13
Total travær	8,1	6,5	5,1	7,6	8,9	6,6	4,7	7,1	9,1	7,6	5,7	8,4	9,6
Egenmeldt	1,3	0,7	0,6	1,2	1,4	0,7	0,6	1,1	1,6	0,7	0,5	1,2	1,4
Legem 1-16 dg							1	1,5	1,7	1,1	1,1	1,6	1,8
Over 16 dager	5,5	4,8	3,4	5,3	6,1	5	3,2	4,5	5,8	5,8	4,1	5,8	6,5

Frå 1. kvartal 2013 er det kjørt ny sjukefraværsrapport med endringar i utvalskoder. Dette medfører at det blir noe mindre differansar mot gamal rapport som var basert på et anna utvalstrekk

## Sjukefraværsstatistikk i de ulike resultatområdene

### SJUKEFRÅVÆRSRAPPORT TYSVÆR KOMMUNE - OVERSIKT RESULTATOMRÅDER 2009-2013

I dette kvartalet ser vi ein oppgang i fraværet i fire resultatområder, og en nedgang i tre.

Prosent syk	2.kv 10	3.kv 10	4.kv 10	1. kv 11	2.kv 11	3.kv 11	4. kv 11	1.kv 12	2.kv 12	3.kv 12	4. kv 12	1.kv 13
Rådmannen sin stab				11,2	11,3	5,1	7,6	6,8	4,6	3,6	7,6	12,2
Aktivitet og omsorg				11,3	7,7	5,3	7,9	9,4	9,7	9,3	12,3	14,1
Helse og Førebygging				9,3	7	6,8	7,9	9,7	7,8	5,2	7,6	10
Kultur	8,3	8,4	9,4	5,4	7,2	1,5	3,9	4,8	3,8	3,3	3,6	4,6
Teknisk	5,2	5,8	4,9	4,5	3,3	5,3	3,5	7,8	6,8	6,9	8,2	8,7
Barnehage	8,4	5,6	10,3	11,3	7	6	10,8	13,2	10	6,7	9,7	9,8
Skule	4,4	2,7	4,7	6,5	5	3,1	5,5	8,2	6,3	3,7	6,5	6,2

Rådmannens stab og Aktivitet og Omsorg aukar mykje. Når det gjelder Aktivitet og Omsorg, var dette ei utvikling vi også såg i førre kvartal. Når det gjelder dei resultatområda som har nedgang i fraværet, ser vi en nedgang på 3,4 % i resultatområde Barnehage. Dette er en positiv utvikling, som vi også så i sist kvartal. Barnehage har hatt fokus på faktorar som auker Nærvareret, og har blant anna kjørt et HMS prosjekt på dette i tre barnehagar i 2010-2012, dette ser ein resultat av nå.

	200804	200904	201004	201104	201204
BØMLO KOMMUNE	6,7	6,57	7,17	4,05	6,24
EIGERSUND KOMMUNE	7,1	6,3	7,0	6,0	6,6
GJESDAL KOMMUNE	5,6	5,3	5,7	5,5	5,6
KLEPP KOMMUNE	6,3	7,3	6,5	6,3	6,3
KVINNHERAD KOMMUNE	7,7	8,7	7,4	7,5	7,8
MANDAL KOMMUNE	4,6	5,9	6,5	5,7	5,2
RANDABERG KOMMUNE	6,4	7,0	6,5	6,3	6,6
STRAND KOMMUNE	5,9	5,8	6,1	5,6	6,1
TYSVÆR KOMMUNE	7,4	7,5	6,6	6,2	7,5
VENNESLA KOMMUNE	8,4	7,1	6,8	8,7	6,6
VINDAFJORD KOMMUNE	5,9	6,7	5,4	6,0	6,6

Tall frå statistisk sentralbyrå frå 4 kvartal 2012, syner at sjukefråværet er klart høgast i kommunal forvaltning.

I 4 kvartal 2012 er det legemeldte fråværet i kommunal forvaltning 7,5 %, og Tysvær kommune ligg på det som er landsgjennomsnittet for denne sektoren i dette kvartalet. Sjå tabell over.

### Tiltak i sjukefråværarbeidet:

Tysvær kommune jobbar systematisk med HMS på overordna nivå. Vi har samarbeidsplaner med Haugaland HMS på overordna nivå, samt for alle resultatområda. I 2013 vil en gjennomføre samarbeidsplanmøter mellom bedriftshelsetenesta, og alle einingane i kommunen. Dette er lovpålagt, og hensikta er at bedriftshelsetenesta skal bli kjent med den enkelte eining og deira risikofaktorar og utferdingar i HMS arbeidet, for deretter å kunne gi råd og rettleiing i dette arbeidet. Personalkontoret og bedriftshelsetenesta starter dette arbeidet i slutten av april 2013, og det vil skje resten av året.

Tysvær kommune er en IA bedrift, og har inngått eit partsamarbeid med NAV Arbeidslivssenter. Kommunen har en overordna IA handlingsplan for å nå måla i IA arbeidet

Frå hausten 2013 har NAV Arbeidslivssenter fått midlar for å kunne jobbe meir direkte inn mot å førebygga og redusera sjukefråværet i nokre kommunar. Tysvær kommune har blitt spurd om dei ønskjer eit samarbeid, og har takka ja. Resultatområdet Aktivitet og Omsorg og Teknisk, seksjon reinhald er dei einingane som er valt ut. Denne avgjera er tatt på bakgrunn av deira størrelse, organisatoriske forhold og at det er et høgt fråvær i disse områda. Detaljane rundt korleis de skal delta konkret i sjukefråværarbeidet, er nå under utarbeiding i et samarbeid mellom NAV Arbeidslivssenter og de to resultatområda.

IA gruppa ønskjer å legge fram nokre endringar i det overordna HMS arbeidet for Rådmannsgruppa i løpet av våren, og deretter lage ei sak til AMU om dette. Dette inneberer blant anna forslag om å vurdere revidering av det systematiske HMS arbeidet i organisasjonen.

Det vil komme forslag om endringar i HMS arbeidet på overordna nivå, samt på avdelingsnivå. Hensikta og målet er å jobbe førebyggande og systematisk med HMS arbeidet, og at det går ein rød tråd i HMS arbeidet frå leiinga og til de enkelte einingane i kommunen. Det vil bli et forslag om å innføre HMS grupper på kvar avdeling. HMS gruppene skal bestå av leiar,, verneombod og tillitsvalt. IA gruppa i kommunen trur at HMS grupper vil føre til et enda betre og systematisk arbeid med HMS ute i de enkelte einingane.

Når det gjelder spesifikke tiltak i forhold til utviklinga i sjukefråværet i 2012 og 2013, har det vært satt inn ei rekke tiltak underveis, som har gått på fysisk og psykososialt arbeidsmiljø. Organisasjonen

vi jobbe førebyggande, og samtidig fortsette med spesifikke tiltak retta mot avdelingar som har spesielle utfordringar i arbeidsmiljøet, og/eller et høgt sjukefråvær. Samarbeidspartnarar er bedriftshelsetenesta og NAV Arbeidslivssenter, samt tillitsvalte og verneombod.

Innan fleire resultatområder er det i gang slike prosesser.

Det vil også bli fokus på opplæring i HMS/IA til tilsette og leiarar i organisasjonen i 2013. Det vil bli tilbod om nytilsett kurs til leiarar, kor HMS og IA bli eit viktig tema. HMS grunnkurs for leiarar og verneombod er gjennomført i februar/mars 13.

Personal og organisasjon arbeider med overordna dokumenter og rutinar som vil være viktige for å fremme nærvær og førebygga sjukefråvær i organisasjonen. Et eksempel på et dokument som er utabeidet er overordna omstillingsdokument. Omstillingsdokumentet gir innspel til kva for nokre faktorar som er særleg viktige å ta omsyn til for at omstillingsprosesser skal gjennomførast på ein forsvarleg måte både for tilsette og for organisasjonen. I tillegg er det et arbeid med å utarbeide overordna dokumenter som arbeidstidsordningar for turnusarbeid og reduksjon av uønska deltidsstillingar, slike dokumenter vil være eit viktig ledd i det førebyggande HMS arbeidet i kommunen.

Organisasjonen vil forsette det systematiske sjukefråværs og HMS arbeidet med same styrke, og vil kontinuerlig søke etter forbettings potensiale for å nå målet om redusert sjukefråvær.

## Informasjon om IA arbeidet og sjukefråværsoppfølging i Tysvær kommune

Tysvær kommune er ei IA - bedrift, og jobbar målretta og systematisk med sjukefråværsarbeidet. Kommunen har utarbeida ein eigen IA handlingsplan for korleis dei

skal nå måla i IA avtalen (IA handlingsplan- Tysvær kommune 2011-2013)

Vi vil gjere grei for dei viktigaste tiltaka og aktørane i kommunen sitt sjukefråværsarbeid i det følgjande :

**Overordna leiing :** Arbeidet med å redusera sjukefråværet er forankra i leiinga. IA er tema i

Rådmannsgruppa to gonger i året.

**Leiarar/tilsette :** Er hovudaktørane i sjukefråværsarbeidet. Dei ulike prosedyrane for sjukefråværsoppfølging er kjent blant leiarar og tilsette.

**Sjukefråværsregistrering :** Sjukefråværet blir registrert regelmessig, og det blir utarbeida

rapportar over sjukefråværet kvart kvartal.

Leiarane legg fram kvartalsvis kommentarar om kva tiltak dei har satt i verk for å få ned

sjukefråværet i sin avdeling.

I Arbeidsmiljøutvalet blir sjukefråværsrapportane i det aktuelle kvartalet lagt fram og diskutert

**Forum for dialogmøter :** Tysvær kommune har eit eige forum som me kallar

**Nærværsutvalet** kor dialogmøte 1 blir haldt. Nærværsutvalet skal sikra tett og god oppfølging for tilsette også når helsa svikter. Faste representantar her er Haugaland Bedriftshelseteneste og ein representant frå personalkontoret.

**Prosedyre for oppfølging av tilsette med sjukefråvær.**

Vi har gode prosedyrar for korleis sjukefråværet skal følgjast opp, og prosedyrane er under

kontinuerlig evaluering. Når det gjeld enkeltsaker følgjar vi alle lovpålagte krav i sjukefråværsarbeidet, slik som tett dialog, oppfølgingsplan, dialogmøte, og tilrettelegg med

tiltak av organisatorisk, psykososial og fysisk karakter

**Andre viktige retningslinjer er :** Prosedyre for konflikt handtering, retningsliner for oppfølging av gravide, Akan, med fokus på førebyggjande arbeid innan rus og spelavhengnad.

**Personalavdelinga /HMS:** organiserer mye av sjukefråværsarbeidet. Kommunen har ein

eigen stilling der hovudtyngda av arbeidsoppgåvene er knytte opp mot HMS og IA arbeidet.

Dei koordinerer arbeidet med BHT, er kontaktperson mot Arbeidslivssenteret, og fungere som

ei god støtte for leiarane i sjukefråværsarbeidet.

**Haugaland bedriftshelseteneste :** Bedriftshelsetenesta er ein nøkkelsamarbeidspartner i alt

HMS arbeid, inkludert sjukefråværsarbeidet. Vi har ein overordna samarbeidsplan med Haugaland HMS, i tillegg har vi ein detaljert plan med kvart resultatområde. Dei deltar med arbeidsplass vurderingar,

planarbeid, undervising, helseundersøkingar/risikovurderingar med meir.

**Nav Arbeidslivssenter:** her har vi som IA bedrift ein fast kontaktperson for kommunen. IA kontaktpersonen bidrar med rådgiving, og ulike typar virkemiddel i IA arbeidet.

**IA – gruppa :** er eit underutval av AMU som handsamar overordna prosedyrar og reglement innanfor IA og sjukefråværsoppfølging.

IA gruppa består av følgjande medlemmer : representant frå bedriftshelsetenesta, representant frå Nav Arbeidslivssenter, hovudverneombod, hovudtillitsvalt, personalsjef, personalrådgjevar og ein seksjonsleiar.

**Vernerundar/medarbeidarundersøkingar :**

I det førebyggande HMS arbeidet har kommunen systematiske vernerundar og arbeidsmiljøundersøkingar (KS). I ettertid av desse undersøkingane blir det utarbeid handlingsplanar.

**HMS avvik og melding om skade :** Formålet med registrering av farlege forhold/farlege handlingar og melding om skade er blant anna for å kunne førebyggje skade og sjukdom.

**Opplæring :** Leiarane i kommunen er sentrale i sjukefråværsoppfølginga, og får felles opplæring i sjukefråværsarbeidet gjennom ulike interne og eksterne kurs. Tysvær kommune arrangerer HMS grunnkurs kvart år kor målgruppa er leiarar, tillitsvalde og verneombod. Nav Arbeidslivssenteret arrangerer også ein heil rekke med kurs som er opne for den same målgruppa i Tysvær kommune. HMS og IA skal være tema på personal møter jevnleg.

**Tillitsvalde/verneombod :** jobbar både på system og individnivå som til dømes i AMU, IA gruppa, og i dialog møter med dei enkelte.

Tysvær kommune vil fortsette med det systematiske sjukefråværsarbeidet, og vil kontinuerlig søkja etter forbettingspotensiale for å nå måla i IA arbeidet.  
i

## TYSVÆR KONTROLLUTVAL

### SÆRUTSKRIFT

Tysdag **5. mars 2013** ble det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Jakob Alstveit.

<b>MØTESTAD:</b>	Kårstørommet, Tysvær rådhus
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 18.00 – kl. 20.20
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Jakob Alstveit (Sp), Gunnar Egge (V), Laila Ramstad Nemeth (A), Randi Røttedal (FrP) og Tormod Førland (H)
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>MØTANDE VARAMEDLEM</b>	Ingen
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Partner/revisor Trond Kampen, KPMG AS, sak 5/13
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL INNKALLING</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	To saker blei meldt under <b>Eventuelt</b> . Sak 5/13 blei handsama som fyrste sak.

### **FØLGJANDE SAK BLEI HANDSAMA:**

#### Skjoldstraumen og barnehageutbygging

R. Røttedal viste til e-post 27.02.13 frå Aksjonsgruppa «Skjoldstraumen i fokus» der dei ber om at kontrollutvalet kan vurdere om det er grunnlag for å sjå nærmare på saka og på prosessen. Ho hadde ikkje oversendt e-posten til sekretær eller hadde den med seg i møte. Saka var difor noko uklar, men det var klart at dei hadde fleire spørsmål i etterkant av folkemøte i februar om tidlegere vedtak og planar framover for bygda.

Utvalet var samd i å sende over saka til rådmannen slik at spørsmåla kunne bli svara på. Vidare ønskte utvalet å kalla inn rådmannen til ei orientering i neste møte, jf. utvalet sitt reglement pkt. 6.1.

#### **Rett utskrift:**

Toril Hallsjø (sign.)  
Utvalssekretær

**VS: Barnehagesaken i Skjoldastraumen**

Avsender **Randi Iren Rettedal**

Mottaker **Toril HallsjÅ,**

Kopi til **sdalva@online.no**

Dato **I dag 12:38**

Prioritet **Normal**

Melding 1 av 76

Hei Toril

Oversender mailen som nevnt i møtet igår. Dersom du mener det er noe som bør undersøkes kan du gi en liten tilbakemelding. Eventuelt også stille oppklarende spørsmål til Dalva som har sendt mailen.

MVH

Randi I Rettedal

From: SVEIN DALVA [sdalva@online.no]  
 Sent: 2013-02-27 18:12:11 CET  
 To: ri-reitt@online.no  
 Cc: eitclang@online.no, maren.okland@tysver.kommune.no, sselvag@online.no, hellerslien@hotmail.com, rohol@netcom.no, lillian.vikra@tysver.kommune.no, tora.marvik@hotmail.com  
 Subject: Barnehagesaken i Skjoldastraumen

Hei Randi

På bakgrunn av budsjettforhandlingene i høst, og utfallet så langt av disse har vi i Aksjonsgruppa "Skjoldastraumen i fokus" den siste tiden jobbet med å rette økelyset mot det som skjer her i Skjoldastraumen og da spesielt i denne saken. I tillegg til dette rundt industridegen, vegen opp til skolen osv.

I forkant av, under, og etter folkemøtet forrige tirsdag sitter vi med en del spørsmål rundt saksgangen og det arbeidet som er gjort etter vedtaket om ny barnehage kom i 2009.

Forhandlinger ved private og kommunale alternativer? Hva er gjort av arbeid for å danne beslutningsgrunnlaget som nå gjør at diskusjonen rundt utvidelse av dagens barnehage videre inn i Grendasenteret er oppe igjen? Hvorfor er våre "midlertidige" løsninger nå blitt permanente?

I utg. pkt trodde vi at diskusjonen lå på hva kommunen ønsket å gå for - en ny privat eller ny kommunal - på ny tomt oppe ved skolen?  
 Nå er en tilbake til det som ble diskutert helt tilbake til år 2000 (13 år) - sambruk mellom barnehage og Grendasenter.  
 Arealene er slik vi ser det ikke egnet - verken inne eller ute. Midlertidige løsninger er en gjenganger hos oss - mens utbygging tilsynelatende ikke er noe problem andre steder.

Vi lurer derfor på om det er grunnlag for at Kontrollutvalet går igjennom saken(e) rundt oss i Skjoldastraumen? Har prosessen gått riktig for seg?

Håper du kan ta opp dette som ett tema på neste møte dere skal ha.

Mvh

Svein Dalva (På vegne av Aksjonsgruppa "Skjoldastraumen i fokus")



# KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Du er her: [regjeringen.no](#) / [Kommunal- og regionaldepart...](#) / [Pressesenter](#) / [Pressemeldinger](#) / Interkommunalt samarbeid løner seg for kommunane

**Pressemelding**, 29.04.2013

## Interkommunalt samarbeid løner seg for kommunane

**Interkommunalt samarbeid aukar kvaliteten på tenestene og løner seg økonomisk, viser ny rapport. Det gjeld både for store og små kommunar.**

– Dette viser at interkommunalt samarbeid gjev kommunane nødvendig fleksibilitet til å kunne organisere tenester og oppgåver i tråd med lokale tilhøve. Det aukar kvaliteten på tenestene, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Navarsete meiner rapporten vil vere relevant for debatten om framtida sin kommunestruktur.

– Tilhengarane av omfattande kommunesamansåling peiker ofte på at små kommunar må samarbeide med andre for å løyse enkelte oppgåver, og meiner dette er eit problem. Denne rapporten dokumenterer at store kommunar faktisk samarbeider meir enn dei små, fastslår Navarsete.

Kommunal- og regionaldepartementet har fått IRIS, Nordlandsforsking, Uni Rokkan og Høgskolen i Oslo og Akershus til å kartleggje omfanget av interkommunalt samarbeid.

Dei har analysert konsekvensane av at stadig meir av den kommunale aktiviteten skjer i ulike kommunesamarbeid.

Analysen viser at det finst om lag 850 formaliserte interkommunale samarbeid i Noreg. Kvar kommune deltek i gjennomsnitt i elleve samarbeid med andre kommunar. Dei største kommunane deltek i fleire, i gjennomsnitt i femten.

Samla sett har forskarane kalkulert det økonomiske omfanget av interkommunalt samarbeid til om lag ti prosent av driftsutgiftene til kommunane.

Det er registrert flest samarbeid om tenester innanfor teknisk sektor som energi, vassforsyning, avløp, renovasjon, avfallshandtering, brannvern og bompengeselskap. Desse samarbeidsområda er også stortst målt i omsetjing.

Kommunane samarbeider svært lite innanfor store kjerneoppgåver som barnehage, grunnskule og pleie og omsorg. Desse områda utgjer 68 prosent av brutto driftsutgiftene til kommunane.

Dei store kommunane, med over 20 000 innbyggjarar, deltek i flest samarbeid om samferdsel, næringsutvikling, hamn og kulturhus/kino. Dei minste kommunane, med under 1 500 innbyggjarar, samarbeider mest om barnevern, men også om legevakt.

Her kan du lese hele rapporten: "[Interkommunalt samarbeid: Konsekvenser, muligheter og utfordringer](#)"

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.05.13	9/13
Formannskapet	11.06.13	
Kommunestyret	18.06.13	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	210	

## UTTALE TIL TYSVÆR KOMMUNE SITT ÅRSREKNESKAP FOR 2012

### Vedlegg:

1. Framlegg til **uttale** fra kontrollutvalet
2. Rekneskapen for 2012 ( hovudoversyn)
3. Usignert revisjonsmelding for 2012, dagsett 16.05.13
4. Årsoppgjersbrev/revisjonssrapport for 2012 ( ettersendes)

### Saksorientering:

#### Innleiing

Vedlagt følgjer framlegg til uttale, Tysvær kommune sin årsrekneskap for 2012 med notar, usignert revisjonsmelding fra KPMG fra 16.05.13. Årsoppgjersbrev/rapport vil bli ettersendt eller lagt på bordet. Regnskapstala med økonomisk oversyn følger i sakskart. Forutan revisor vil også økonomisjef og rådmann delta under handsaminga av saka.

#### Bakgrunn

Det går fram av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 7 at kontrollutvalet skal gi uttale om årsregnskapet:

*Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgjøre uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalesen avgis til kommunestyret eller fylkestinget.*

*Kopi av uttalesen skal være formannskapet / kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.*

Det er ikkje eit krav om at kontrollutvalet behandler årsmeldinga, men denne bør følgje med som vedlegg til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og rekneskapen. Administrasjonen er i år ikkje klar med årsmeldinga ved utsending til kontrollutval. Dei jobbar med ei ny mal og skal ha siste møte 29.05.13. Sekretariatet meiner det er uheldig, då dato for kontrollutvalet sitt møte har vore kjent sidan november 2012.

Kommunestyret skal vedta både årsrekneskap og årsmelding i same møte. I år vert det det 18.juni. Årsrekneskapen skal vedtakast etter innstilling frå formannskapet. Om årsrekneskap og årsmelding står det følgjande i forskrift § 10:

*Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget sjølv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.*

*Årsregnskapet skal være avgitt av fagsjef for regnskap innen 15. februar i året etter regnskapsåret.*

*Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsregnskapet skal behandles.*

*Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.*

*Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.*

Etter forskriften § 8 skal også kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader (i revisjonsmelding og/eller i årsoppgjersbrev/rappport) blir fulgt opp.

### Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Tysvær kommune sitt avgitte årsrekneskap for 2012 og notar, revisjonsmeldinga, revisor sitt årsoppgjersbrev og rådmannen si årsmelding.

### Årsrekneskapen med notar

Rekneskapen syner eit negativt **brutto driftsresultat** (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivingar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringer) på nær 23 mill. kroner. Dette er 11 mill kr høgare enn opphavelige budsjett og 9,5 mill kr høgare enn revidert budsjett.

Avviket mellom brutto driftsresultat 9,5 mill kr og revidert budsjett skyldes at driftsutgiftene viser 15,5 mill kr meir enn forventa forbruk medan driftsinntektene økte med 25 mill. kr.

**Netto driftsresultat** er det same som brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnad. Netto driftsresultat i 2012 vart nær 23 mill. kr, mot budsjettet med 14,4 mill. kr. Det utgjer 3 %, som er på anbefalt nivå. I fjor var resultatet på 2,6 %.

Sum avsetjingar syner 25,3 mill. kr, mens bruk av avsetjingar er på 11,2 mill kr. Sum utgifter i investeringsrekneskapen er på 85,2 mill. kr. Justert for finanstransaksjonar og inntekter er finansieringsbehovet på 77 mill. kr. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Totalt sett er rekneskapen gjort opp med eit **rekneskapsmessig mindreforbruk** (eit overskott) på kr **11.846.844**.

**Notar**

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som skal vera med i rekneskapen. Notane som er utarbeidde til rekneskapen i år er truleg dei same som i fjar.

**Årsmelding**

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stode og resultatet av verksemda.

Årsmeldinga pleiar å gje utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen, samt forklaringar på avvik, men er ikkje klar på noverande tidspunkt.

**Generelt om innhaldet i ei revisormelding**

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I årsoppgjersbrev/rapport kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han finner grunnlag for å kommentere det/de. Rådmannen skal då ha hatt høve til å gje sin uttale.

**Revisor si revisjonsmelding**

Revisjonen har avgjort si revisjonsmelding etter lovfastsett frist. Revisor har avgjort såkalla rein melding, dvs utan etterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderar med at:

- *årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Tysvær kommune pr 31. desember 2012 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr denne datoene i samsvar med lov, forskrift og god communal rekneskapsskikk,*
- *dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i er i samsvar med budsjett-vedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett,*
- *opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter,*
- *leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god communal rekneskapsskikk.*

Årsoppgjersbrev/rapport frå revisor vil bli lagt fram for kontrollutvalet i møtet eller i eit seinare møte. Sekretariatet meiner dette ikkje er i samsvar med god sakshandsaming, men kan lite gjere for å rette på dette no. For at saka skal komme følgje si saksgang vert saka sendt ut nå.

Brevet saman med meldinga frå revisor dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet må foreta i medhald av føreskrifta § 8. Kontrollutvalet må vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på merknaden i meldinga eller noko av det revisjonen tar opp i årsoppgjersbrevet. Sekretariatet vil gjere framlegg om det vert gjort.

**Kontrollutvalet sin uttale**

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).


Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i årsrekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

Tysvær kontrollutval har fylgjande/ingen kommentarar til årsrekneskapen 2012 og vedtek uttale slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 1. september på korleis eventuelle merknaden i årsoppgjersbrev er følgd opp.

Aksdal, 22.05.13



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Til

**Tysvær kommunestyre**

## **Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen for 2012**

### **Innleiing**

Kontrollutvalet har i møte 28.05.13, sak 9/13 handsama Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2012. Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, nettoopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

### **Grunnlaget for uttalen**

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, dagsett 26.04.13, revisjonsmeldinga, dagsett 16.05.13, revisor sitt årsoppgjersbrev og rådmannen si årsmelding 2012. I tillegg har økonomisjef supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaming av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

### **Kontrollutvalet sin uttale:**

Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2012 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på kr 11,8 mill. kr.

Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 26 mill. kr, som er 3 % av driftsinntektene.

Kontrollutvalet registrerer at kommunen si lånegjeld er høgare enn det som er det tilrådde. Kontrollutvalet ber kommunestyret fortsatt ha fokus på kommunen si lånearbeid, sjølv om reell lånegjeld i % gjekk ned frå året før.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2012, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2012 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2012 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.12.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2012.

Aksdal, 28. mai 2013

Laila M. Ramstad Nemeth  
Nestleiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet



## Økonomisk oversikt - drift

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2012

26.04.2013

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Driftsinntekter</b>				
Brukertilbetalinger	32.253.687,33	32.617.853,00	32.045.770,00	31.043.990,94
Andre salgs- og leieinntekter	66.557.534,56	65.330.989,00	64.621.500,00	62.964.093,54
Overføringer med krav til motytelse	107.693.492,14	93.222.289,50	73.778.808,00	94.699.836,66
Rammetilskudd	259.608.717,00	264.800.000,00	263.800.000,00	239.794.739,00
Andre statlige overføringer	14.045.670,00	11.734.300,00	11.750.000,00	17.756.478,00
Andre overføringer	795.685,00	167.061,00	0,00	633.906,00
Skatt på inntekt og formue	227.386.010,00	215.700.000,00	213.200.000,00	211.843.752,00
Eiendomsskatt	137.302.060,00	137.000.000,00	137.000.000,00	130.750.060,00
Andre direkte og indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>845.642.856,03</b>	<b>820.572.492,50</b>	<b>796.196.078,00</b>	<b>789.486.856,14</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
Lønnsutgifter	459.975.373,68	452.522.031,00	437.137.386,00	430.839.939,11
Sosiale utgifter	116.714.070,86	117.950.293,00	117.855.300,00	108.801.948,32
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	93.301.274,10	89.877.352,22	84.047.258,00	95.015.205,08
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	67.345.273,63	58.531.505,50	58.237.668,00	65.101.969,94
Overføringer	59.014.663,82	60.302.716,31	42.945.033,00	47.856.899,67
Avskrivninger	33.901.368,00	33.901.368,00	4.094.000,00	35.195.819,00
Fordelte utgifter	-7.584.454,76	-5.976.793,00	-5.568.000,00	-5.775.654,95
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>822.667.569,33</b>	<b>807.108.473,03</b>	<b>738.748.645,00</b>	<b>777.036.126,17</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>22.975.286,70</b>	<b>13.464.019,47</b>	<b>57.447.433,00</b>	<b>12.450.729,97</b>
<b>Finansinntekter</b>				
Renteinntekter og utbytte	18.929.301,52	18.100.000,00	17.100.000,00	18.360.289,86
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	1.219.605,00	0,00	0,00	1.042.159,00
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>20.148.906,52</b>	<b>18.100.000,00</b>	<b>17.100.000,00</b>	<b>19.402.448,86</b>
<b>Finansutgifter</b>				
Renteutgifter og låneomkostninger	24.865.996,81	25.001.773,00	25.000.000,00	23.229.253,52
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	26.199.407,00	26.000.000,00	26.000.000,00	22.741.086,00
Utlån	0,00	0,00	0,00	40.500,00
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>51.065.403,81</b>	<b>51.001.773,00</b>	<b>51.000.000,00</b>	<b>46.010.839,52</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>-30.916.497,29</b>	<b>-32.901.773,00</b>	<b>-33.900.000,00</b>	<b>-26.608.390,66</b>
<b>Motpost avskrivninger</b>	<b>33.901.368,00</b>	<b>33.901.368,00</b>	<b>4.094.000,00</b>	<b>35.195.819,00</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>25.960.157,41</b>	<b>14.463.614,47</b>	<b>27.641.433,00</b>	<b>21.038.158,31</b>
<b>Interne finanstransaksjoner</b>				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	5.476.781,07	5.477.000,00	0,00	6.480.610,99
Bruk av disposisjonsfond	5.469.970,59	2.956.251,53	1.079.000,00	9.277.617,85
Bruk av bundne fond	324.693,00	1.248.000,00	1.227.000,00	1.094.464,00
Bruk av likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>11.271.444,66</b>	<b>9.681.251,53</b>	<b>2.306.000,00</b>	<b>16.852.692,84</b>
Overført til Investeringsregnskapet	12.085.016,56	13.028.340,00	21.900.000,00	19.321.890,87
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	8.299.794,51	8.200.613,00	5.033.613,00	8.815.806,21
Avsatt til bundne fond	4.999.947,00	2.915.913,00	3.013.820,00	4.276.373,00
Avsatt til likviditetsreserven	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum avsetninger</b>	<b>25.384.758,07</b>	<b>24.144.866,00</b>	<b>29.947.433,00</b>	<b>32.414.070,08</b>
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>11.846.844,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>5.476.781,07</b>

## Budsjettkjema 1 A

### Inntektsoversyn med fordeling (tal i 1000 kroner)

	Budsjett 2012	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011
Skatt på inntekt og formue	213 200	227400	211800
Rammetilskott - innbyggertilskot	217 900	218100	223600
Rammetilskott - utgiftsutjamning	24 800	24800	
Rammetilskott - innteksutj.	14 600	8700	8600
Eigedomsskatt	131 700	130500	125900
Skjønnsmidler	6 500	7500	7600
Momskompensasjon investeringar		5400	8000
Momskompensasjon drift	15 400	15000	15500
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>624 100</b>	<b>637 400</b>	<b>601 000</b>
Renteinntekter og utbytte	25300	27700	27100
Renteutgifter	-25000	-24800	-23300
Avdrag på lån	-26000	-26500	-22800
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-25 700</b>	<b>-23 600</b>	<b>-19 000</b>
Dekning tidl. års underskott			
Avsett bundne fond			
Avsatt disposisjonsfond	-2700	-5500	-6500
Bruk av tidl.års overskott		5500	6500
Bruk av bundne fond			
Bruk av ubundne fond			
<b>Netto avsetjingar</b>	<b>-2700</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Overført til investeringar momskomp		-5400	-8000
Overført til investeringar-drift	-22400	-4400	-9900
<b>Til fordeling</b>	<b>573 300</b>	<b>604 000</b>	<b>564 100</b>
Overskott/underskott		-11900	-5500
<b>Sum fordelt til resultatområder</b>	<b>573 300</b>	<b>592 100</b>	<b>558 600</b>



## Økonomisk oversikt - investering

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2012

26.04.2013

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Inntekter</b>				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	19.145.529,00	1.215.000,00	1.000.000,00	24.541.006,00
Andre salgsinntekter	-576.000,00	0,00	0,00	576.000,00
Overføringer med krav til motyelse	20.918.828,43	22.250.000,00	22.250.000,00	41.749.929,20
Statlige overføringer	2.564.492,00	0,00	0,00	151.063,00
Andre overføringer	0,00	0,00	0,00	369.100,00
Renteinntekter og utbytte	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum inntekter</b>	<b>42.052.849,43</b>	<b>23.465.000,00</b>	<b>23.250.000,00</b>	<b>67.387.098,20</b>
<b>Utgifter</b>				
Lønnsutgifter	2.313.790,50	4.140.000,00	4.500.000,00	3.321.806,70
Sosiale utgifter	540.060,57	0,00	0,00	684.599,38
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	76.236.105,69	92.887.872,00	91.975.000,00	131.818.925,91
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	773.551,95	87.500,00	0,00	718.523,73
Overføringer	5.394.844,88	133.968,00	0,00	8.007.908,35
Renteutgifter og omkostninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum utgifter</b>	<b>85.258.353,59</b>	<b>97.249.340,00</b>	<b>96.475.000,00</b>	<b>144.551.764,07</b>
<b>Finanstransaksjoner</b>				
Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Utlån	7.996.290,00	6.000.000,00	0,00	5.102.000,00
Kjøp av aksjer og andeler	1.211.457,00	1.100.000,00	1.100.000,00	1.117.458,00
Dekning av tidligere års udekke	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til ubundne investeringsfond	24.543.332,05	0,00	0,00	45.260.049,88
Avsatt til bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum finansieringstransaksjoner</b>	<b>33.751.079,05</b>	<b>7.100.000,00</b>	<b>1.100.000,00</b>	<b>51.479.507,88</b>
<b>Finansieringsbehov</b>				
	<b>76.956.583,21</b>	<b>80.884.340,00</b>	<b>74.325.000,00</b>	<b>128.644.173,75</b>
<b>Dekket slik:</b>				
Bruk av lån	53.969.540,00	57.285.000,00	51.285.000,00	94.727.728,40
Salg av aksjer og andeler	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	1.261.784,05	0,00	0,00	2.470.157,48
Overført fra driftsbudsjettet	12.085.016,56	22.328.340,00	21.900.000,00	19.321.890,87
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	-2.289.925,57	1.271.000,00	1.140.000,00	2.110.529,50
Bruk av bundne driftsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av ubundne investeringsfond	11.930.168,17	0,00	0,00	10.013.867,50
Bruk av bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum finansiering</b>	<b>76.956.583,21</b>	<b>80.884.340,00</b>	<b>74.325.000,00</b>	<b>128.644.173,75</b>
<b>Udekke/udisponert</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

## **Rekneskapsskjema 1 B**

### **Netto budsjetttrammer resultat - områdene (tal i 1000 kroner)**

	<b>Budsjett 2012</b>	<b>Rekneskap 2012</b>	<b>Rekneskap 2011</b>
<b>Til fordeling resultatområder (fra budsjettkjema 1 A)</b>	<b>573 400</b>	<b>592 100</b>	<b>558500</b>
<b>Fordelt slik:</b>			
Rådmannen sin stab (ansvarsgr. 1)	56 400	57900	54700
Fellesutgifter (ansvar 1600-1999) ekskl. kyrkje	43 300	34200	25300
Resultatområdet skule (ansvarsgr. 2)	156 700	159800	157900
Resultatområdet aktivitet og omsorg (ansvarsgr. 3)	102 500	115500	100400
Resultatområdet tverrfaglege tenester (ansvarsgr. 4)	82 500	87200	84500
Resultatområdet kultur (ansvarsgr. 5)	20 400	20700	20600
Resultatområdet teknisk (ansvarsgr. 6)	40 500	42900	42700
VAR-området (ansvar 6600)	-9700	-8300	-7900
Resultatområdet barnehage (ansvarsgr. 7)	74 000	75200	73000
Kyrkjeleg Fellesråd	6 800	7000	7300
<b>Sum fordelt resultatområder</b>	<b>573 400</b>	<b>592 100</b>	<b>558 500</b>

## Budsjettkjema 2 A

### Investeringar med finansiering (tal i 1000 kroner)

	Budsjett 2012	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011
Investeringar anleggsmidler	96 475	85 258	144 552
Refusjonar investeringar			
Utlån		7 996	5 102
Aksjekjøp	1 100	1 211	1 117
Avdrag på utlån			0
Avsetjingar		24 543	45 260
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>97 575</b>	<b>119 008</b>	<b>196 031</b>
Bruk av lånemidler	51 285	53 969	94 728
Mottatte avdrag utlån		1 262	2 470
Statlige overføringer		2 564	151
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>51 285</b>	<b>57 795</b>	<b>97 349</b>
Refusjonar	22 250	20 919	42 119
Salg av driftsmidler og fast eiendom	1 000	18 569	25 117
Overført fra driftsbudsjett	21 900	12 085	19 322
Bruk av disposisjonsfond	1 140	-2 290	2 110
Bruk av ubundne inv. fond		11 930	10 014
Bruk av bundne fond			
<b>Sum intern finansiering</b>	<b>46 290</b>	<b>61 213</b>	<b>98 682</b>
<b>Sum finansiering</b>	<b>97 575</b>	<b>119 008</b>	<b>196 031</b>
<b>Finansieringsbehov - finansiering</b>			
Overskott/underskott	0	0	0



## 1 TYSVÆR KOMMUNE - 2012

26.04.2013

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Anskaffelse og anvendelse av midler</b>				
<b>Anskaffelse av midler</b>				
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	845.642.856,03	820.572.492,50	796.196.078,00	789.486.856,14
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	42.052.849,43	23.465.000,00	23.250.000,00	67.387.098,20
Innbetaler ved eksterne finanstransaksjoner	75.380.230,57	75.385.000,00	68.385.000,00	116.600.334,74
<b>Sum anskaffelse av midler</b>	<b>963.075.936,03</b>	<b>919.422.492,50</b>	<b>887.831.078,00</b>	<b>973.474.289,08</b>
<b>Anvendelse av midler</b>				
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	788.766.201,33	763.907.060,03	742.501.287,00	741.840.307,17
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	85.258.353,59	97.249.340,00	96.475.000,00	144.551.764,07
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner	60.273.150,81	58.101.773,00	52.100.000,00	52.230.297,52
<b>Sum anvendelse av midler</b>	<b>934.297.705,73</b>	<b>919.258.173,03</b>	<b>891.076.287,00</b>	<b>938.622.368,76</b>
<b>Anskaffelse - anvendelse av midler</b>				
Endring i ubrukte lånemidler	1.030.460,00	0,00	0,00	-89.727.728,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Endring i arbeidskapital</b>	<b>29.808.690,30</b>	<b>164.319,47</b>	<b>-3.245.209,00</b>	<b>-54.875.807,68</b>
<b>Avsetninger og bruk av avsetninger</b>				
Avsetninger	49.689.917,56	11.116.526,00	8.047.433,00	63.829.010,16
Bruk av avsetninger	20.911.687,26	10.952.251,53	3.446.000,00	28.977.089,84
Til avsetning senere år	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Netto avsetninger</b>	<b>28.778.230,30</b>	<b>164.274,47</b>	<b>4.601.433,00</b>	<b>34.851.920,32</b>
<b>Int. overføringer og fordelinger</b>				
Interne inntekter mv	54.272.118,32	62.505.151,00	32.470.700,00	61.947.144,69
Interne utgifter mv	54.272.118,32	53.372.151,00	32.653.400,00	61.947.144,69
<b>Netto interne overføringer</b>	<b>0,00</b>	<b>9.133.000,00</b>	<b>-182.700,00</b>	<b>0,00</b>



## Oversikt - balanse

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2012

26.04.2013

	Regnskap 2012	Regnskap 2011
<b>EIENDELER</b>		
Anleggsmidler	<b>1.825.203.786,48</b>	<b>1.755.490.427,69</b>
Herav:		
Faste eiendommer og anlegg	1.039.236.903,00	1.031.841.831,00
Uttstyr, maskiner og transportmidler	12.078.552,50	13.503.888,50
Utlån	86.304.258,98	80.309.265,19
Aksjer og andeler	40.108.161,00	38.896.704,00
Pensjonsmidler	647.475.911,00	590.938.739,00
Omløpsmidler	<b>284.286.743,18</b>	<b>266.610.150,46</b>
Herav:		
Kortsiktige fordringer	89.642.389,92	92.444.770,35
Premieavvik	5.602.905,82	4.974.453,82
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	40.413.284,31	37.708.533,46
Kasse, postgiro, bankinnskudd	148.628.183,13	131.482.392,83
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>2.109.490.529,66</b>	<b>2.022.100.578,15</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
Egenkapital	<b>404.471.226,79</b>	<b>412.159.972,70</b>
Herav:		
Disposisjonsfond	45.322.281,14	47.760.093,79
Bundne driftsfond	14.223.253,00	9.547.999,00
Ubundne investeringsfond	56.259.324,08	36.088.598,06
Bundne investeringsfond	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	7.653.511,13	7.653.511,13
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	-904,00	-904,00
Regnskapsmessig mindreforbruk	11.846.844,00	5.476.781,07
Regnskapsmessig merforbruk	0,00	0,00
Udisponert i inv.regnskap	0,00	0,00
Udekket i inv.regnskap	0,00	0,00
Likviditetsreserve	0,00	0,00
Kapitalkonto	269.166.917,44	305.633.893,65
<b>Langsiktig gjeld</b>		
Herav:		
Pensjonsforpliktelser	<b>1.594.422.905,00</b>	<b>1.487.212.110,00</b>
Ihendehaverobligasjonslån	859.961.831,00	776.013.629,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	734.461.074,00	711.198.481,00
<b>Kortsiktig gjeld</b>		
Herav:		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Annен kortsiktig gjeld	128.194.731,11	130.661.646,69
Premieavvik	-17.598.333,24	-7.933.151,24
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>2.109.490.529,66</b>	<b>2.022.100.578,15</b>
<b>MEMORIAKONTI</b>		
Memoriakonto	<b>35.966.871,57</b>	<b>34.936.411,57</b>
Herav:		
Ubrukte lånemidler	<b>35.966.871,57</b>	<b>34.936.411,57</b>
Andre memoriakonti	0,00	0,00
Motkonto til memoriakontiene	-35.966.871,57	-34.936.411,57

# **ØKONOMISK OVERSYN**

**2012**



# 1 ØKONOMI SAMLA FOR KOMMUNEN

## ÅRSRESULTATET

Tysvær Kommune får eit netto driftsresultat på 16,3 mill kroner (15,4 mill. kroner i 2011) mot opprinnelig budsjettet 25,1 mill. kroner. Avviket negativt i forhold til budsjett er på 8,8 mill. kroner. Siste tertialrapport og siste årsprognose indikerte eit svekka resultat i høve til budsjett på 12,2 mill. kroner. Det er positivt at resultatet blir noko betre enn prognosene tilsa som sluttresultat. Kommunen får også eit betre resultat enn i 2011.

Med bakgrunn i hovudtabellen nedanfor blir sentrale deler av regnskapet for 2012 kommentert

### HOVUDTABELL MED RESULTATVURDERINGER DRIFT

I tabellen nedanfor er rekneskap 2012 lagt inn i tabellen, saman med rekneskap 2011, opprinnelig vedtatt budsjett 2012, justert budsjett 2012 og regnskapsprognose for 2012. I tillegg er vedteken økonomiplan 2013 – 2016 lagt inn i tabellen.

	Regn 2011	Budsj 2012	Budsj 2012 endret	Progn 2012	Regn 2012	Budsj 2013	Budsj 2014	Økonomiplan 2015	Økonomiplan 2016
Inntektsskatt	211,8	213,2	215,7	220,2	227,4	237,7	237,7	237,7	237,7
Rammetilskott inntektsutj.	8,6	14,6	14,6	14,6	8,7	9,6	9,6	9,6	9,6
Rammetilskott - innbyggertilskudd	223,6	217,9	217,9	217,9	218,1	225,6	225,9	226,7	226,7
Realvekst skatt og rammetilskudd							7,0	13,0	20,0
Ramrnettilskott- utgiftsutjamingning		24,8	24,8	24,8	24,8	22,6	23,2	22,3	22,3
Skjønn	7,6	6,5	7,5	7,5	7,5	7,0	7,0	7,0	7,0
Samla inntektssystemet	451,6	477,0	480,5	485,0	486,5	502,5	510,4	516,3	523,3
Eigedomsskatt	125,9	131,7	131,7	131,7	130,5	134,2	134,0	134,0	150,0
<b>Skatt og rammetilskott</b>	<b>577,5</b>	<b>608,7</b>	<b>612,2</b>	<b>616,7</b>	<b>617,0</b>	<b>636,7</b>	<b>644,4</b>	<b>650,3</b>	<b>673,3</b>

#### Resultatområda:

Driftsutgifter - før nye driftstiltak 14-16	-752,4	-740,6	-779,7	-759,3	-799,7	-773,2	773,1	-773,1	-773,1
Driftsinntekter - før nye driftstiltak 14 - 16	193,9	167,2	191,1	167,2	207,6	156,8	156,8	156,8	156,8
<b>Netto budsjettrammer resultatområda</b>	<b>-558,5</b>	<b>-573,4</b>	<b>-588,6</b>	<b>-592,1</b>	<b>-592,1</b>	<b>-616,4</b>	<b>-616</b>	<b>-616,3</b>	<b>-616,3</b>

#### Herav samlet drift fordelt:

##### Rådmannen med stab

Driftsutgifter	-60,9	-59,7	-64,8	-59,7	-66,0	-58,2	-58,2	-58,2	-58,2
Driftsinntekter	6,2	3,3	6,8	3,3	8,1	3,2	3,2	3,2	3,2
<b>Netto budsjettrammer resultatområda</b>	<b>-54,7</b>	<b>-56,4</b>	<b>-58,0</b>	<b>-56,4</b>	<b>-57,9</b>	<b>-55,0</b>	<b>-55,0</b>	<b>-55,0</b>	<b>-55,0</b>

##### Fellesutgifter

Driftsutgifter	-28,7	-43,3	-31,8	-48,0	-35,7	-40,8	-40,8	-40,8	-40,8
Driftsinntekter	3,4	0	0	0	1,5	0	0	0	0
<b>Netto budsjettrammer resultatområda</b>	<b>-25,3</b>	<b>-43,3</b>	<b>-31,8</b>	<b>-48,0</b>	<b>-34,2</b>	<b>-40,8</b>	<b>-40,8</b>	<b>-40,8</b>	<b>-40,8</b>

##### Skule

Driftsutgifter	-179,4	-176,2	-182,8	-176,2	-183,1	-167,3	-167,3	-167,3	-167,3
Driftsinntekter	21,5	19,5	22,5	19,5	23,3	15,6	15,6	15,6	15,6
<b>Netto budsjettrammer resultatområda</b>	<b>-157,9</b>	<b>-156,7</b>	<b>-160,3</b>	<b>-156,7</b>	<b>-159,8</b>	<b>-151,7</b>	<b>-152</b>	<b>-151,7</b>	<b>-151,7</b>

##### Aktivitet og omsorg

Driftsutgifter	-139,8	-138,8	-153,6	-147,8	-157,4	-149,2	-149,2	-149,2	-149,2
Driftsinntekter	39,4	36,3	39,7	36,3	41,9	32,6	32,6	32,6	32,6



	Vår ref 1275/2010								
<b>Samla renteutgifter</b>	<b>-23,3</b>	<b>-25,0</b>	<b>-25,0</b>	<b>-25,0</b>	<b>-24,8</b>	<b>-25,0</b>	<b>-26,0</b>	<b>-28,5</b>	<b>-32,5</b>
Avdrag opptatte lån t.o.m. 2012	-22,8	-26,0	-26,0	-26,0	-26,5	-27,0	-27,0	-27,0	-27,0
Avdrag nye lån 2013 - 2016									
<b>Samla avdrag</b>	<b>-22,8</b>	<b>-26,0</b>	<b>-26,0</b>	<b>-26,0</b>	<b>-26,5</b>	<b>-27,0</b>	<b>-27,0</b>	<b>-27,0</b>	<b>-27,0</b>
<b>Netto kapitalutgifter</b>	<b>-19,0</b>	<b>-25,7</b>	<b>-25,7</b>	<b>-25,9</b>	<b>-23,6</b>	<b>-22,8</b>	<b>-24,5</b>	<b>-26,5</b>	<b>-30,0</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>15,4</b>	<b>25,1</b>	<b>12,9</b>	<b>13,2</b>	<b>16,3</b>	<b>12,5</b>	<b>13,8</b>	<b>17,7</b>	<b>34,7</b>
<b>Bruk av driftsresultat:</b>									
Momskompensasjon investering	8,0				5,4				
Avsett investeringar momskomp.	-8,0				-5,4				
Bruk overskudd 2011					5,5				
Avsatt overskudd 2011 til fond					-5,5				
Avsett fond						-11,8	-9,6	-17,7	-34,7
Vedtatt ytterligere innsparing k.st. vedtak 12		-2,7							
Avsett investeringar frå drift	-9,9	-22,4	-12,9	-13,2	-4,4	-0,7	-4,2	0	0
<b>Samla bruk av resultat</b>	<b>-9,9</b>	<b>-25,1</b>	<b>-12,9</b>	<b>-13,2</b>	<b>-4,4</b>	<b>-12,5</b>	<b>-13,8</b>	<b>-17,7</b>	<b>-34,7</b>
<b>Overskudd</b>	<b>55</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>11,9</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### Inntektssystemet

Inntektssystemet består av skatteinntekter og inntektsutjamning, innbyggjartilskott og utgiftsutjamning og skjønnsmidler.

Samla kjem 486,5 mill. kroner frå inntektssystemet mot opprinnelige budsjettet 477 mill. kroner; ein auke på 9,5 mill. kroner. Årsaken til meirinntekter er i hovudsak at skatteinntektene på landsbasis er blitt høgare enn det regjeringa la til grunn i statsbudsjett/kommuneproposisjon.

Skatteinntektene i kommunen er aukande og er nå på 91,9 % av landsgjennomsnittet. Aukande skatteinntekter over 90 % av landsgjennomsnittet beheld kommunen ein større andel av.

Innbyggjartilskotet blei fastsett ved vedtak av statsbudsjettet for 2012, og er på 21 625 kroner pr. innbyggjar registrert 1/7-2011. I tillegg får Tysvær utfrå eindel faste kriterier, hovudsakleg befolkningssamsetjing, utgiftsutjamning fordi vi har eit utgiftsbehov som er på 3,2 % over landsgjennomsnittet. I utgiftsutjamninga ligg også eit ekstratilskot Tysvær får til samhandlingsreformen på 895 000 kroner på grunn av at vi har i utgangspunktet høg bruk av sykehustenester. Dette tilskotet får vi i 2012, 2013 og 2014, og det fell vekk etter det.

Kommunen får skjønstilskot fastsett kvart år ved statsbudsjettet utfrå spesielle behov. Dei siste åra har vi fått skjønstilskot på grunn av høge utgifter ressurskrevjande brukarar. I 2012 er det på 5,5 mill. kroner. I tillegg har vi mottatt 2 mill. kroner som skjønn til språkdelingsklassar, og 500 000 til spesielle formål etter søknad. Det siste gjeld primært Haugalandsløftet, og same sum er avsett til seinare bruk. Til språkdeling fekk vi 1 mill. kroner utover det som var budsjettert.

### Inntektsskatt og rammetilskott – inntektssystemet

#### Eigedomsskatt

Eigedomsskatt har auka frå 125,9 mill. kroner i regnskap for 2011 til 130,5 mill. kroner i regnskap for 2012, ein auke på 4,6 mill. kroner. Dette er viktige meirinntekter som i utgangspunktet skulle avsetjast ekstra til investeringar. Resultatet er at desse midlene er med og held eit stabilt driftsnivå. Takseringa av KEP 2010 er i sluttfasen, og endeleg taksering skjer pr. 31.12.2012. Gassco har påklaaga takst fastsett for 2012 til klagenemnda, og deler av den bokførte inntekten er soleis usikker inntil avgjerd er gjort i nemnda.

### Oppsummert inntektssystemet og eigedomsskatt

	Budsjett vedtak	Budsjett justert	Rekneskap	Avvik vedtak
Inntektskatt og inntektsutjamning	227,8	230,3	236,1	+ 8,3
Innbyggjartilskot og utgiftsutjamning	242,7	242,7	242,9	+ 0,2
Skjønsmidler	6,5	7,5	7,5	+ 1,0
<b>Inntektssystemet samla</b>	<b>477,0</b>	<b>480,5</b>	<b>486,5</b>	<b>+ 9,5</b>
Eigedomsskatt	131,7	131,7	130,5	- 1,2
<b>Samla inntektskatt , rammetilskott og eigedomsskatt</b>	<b>608,7</b>	<b>612,2</b>	<b>617,0</b>	<b>8,3</b>

Meirinntekter på skatt blir ikkje vidareført inn i eit nytt budsjettår,

#### **Resultatområda**

Samla driftsutgifter for Tysvær utgjer 799,7 mill. kroner, medan driftsinntekter på resultatområda er 207,6 mill. kroner. Netto samla driftsutgifter er 592,1 mill. kroner. Tilsvarande i 2011 var 558,5 mill. kroner. Auken er på 33,6 mill. kroner, prosentvis auke på 6 %. Samanlikning av eit år med eit anna kan vera litt krevjande, i og med at det vil liggja oppgåveendringar frå eit år til eit anna. I 2012 er samhandlingsreformen den store endringen med utgifter på 11,5 mill. kroner. Trekk vi frå desse utgiftene er auken på 4 %, som i hovudsak vil dekka opp auke i lønsnivå .

Bakom tala (dette framgår av hovedtabellen ved samanlikning budsjett og rekneskap) ligg det store avvik isolert på utgiftssida, og store avvik frå inntektssida på det som var budsjettert. Gjennomgang av desse vil krevja utdypande analyse, som ikkje er gjennomført når denne kommentar skrives. Det er viktig at meirutgifter og meirinntekter vi får i 2012, blir vurdert opp mot reell budsjettering for 2014.

I tabellen er det einskilde område sett opp med rekneskapstal i høve til opprinneleg og justert budsjett. Oppsummert på netto driftsutgifter får vi desse tala:

Tal i mill. kroner

Resultatområda	Budsjett	Budsjett (justert)	Rekneskap	Avvik justert budsjett
	(vedtak)			
Rådmannen sin stab og fellesstener	56,4	58,0	57,9	+ 0,1
Fellesutgifter	43,3	31,8	34,2	- 2,4
Skule	156,7	160,3	159,8	+ 0,5
Aktivitet og omsorg	102,5	113,9	115,5	- 1,6
Tverrfaglege tenester	82,5	88,7	87,2	+ 1,5
Kultur	20,4	20,8	20,7	+ 0,1
Teknisk ekskl. VAR	40,5	42,1	42,9	- 0,8
VAR-området	- 9,7	- 9,7	- 8,3	- 1,4
Barnehage	74,0	75,8	75,2	+ 0,6
Kyrkja	6,8	6,8	7,0	- 0,2
<b>Samla netto driftsutgifter</b>	<b>573,4</b>	<b>588,5</b>	<b>592,1</b>	<b>- 3,6</b>
Momskompensasjon drift	- 15,5	- 15,0	- 15,0	-
<b>Samla</b>	<b>557,9</b>	<b>573,5</b>	<b>577,1</b>	<b>- 3,6</b>

Resultatområda viser samla balanse i høve til justert budsjett (sist justert 2. tertialrapport)

Alle lønsreguleringar blir budsjettert på fellesutgifter og seinare fordelt ut mot resultatområda. Som det går fram av tabellen er det stort avvik mellom opprinneleg budsjett og justert budsjett for fellesutgifter. I tillegg blir det løpende justert for inntekter direkte knyta opp mot utgifter for det einskilde resultatområdet. Det vil av den grunn bli store avvik når vi ser berre på driftsutgifter og berre på driftsinntekter på det einskilde resultatområde.

I den løpende rapporteringa til kommunestyret, siste gang i tertialrapport pr. utgangen av august, er det skissert eit minusresultat fra resultatområda på rundt 15 mill. kroner for 2012. I denne summen låg det inne 8 mill. kroner til aktivitet og omsorg, 5 mill. kroner til tverrfaglege tenester og 2 mill. kroner til samhandlingsreformen. Desse summane ligg inne i justert budsjett. Bakgrunnen for justering av budsjett var også spesielt varsel om meirutgifter på barnevern og sosial.

For resultatområdene vises det til kommentarene gitt i deira årsmeldingar. I denne delen av årsmeldinga vil det bli kort fokuseret på hovedpunktet med utgangspunkt i større avvik.

Fellesutgiftene der avsett post lønsreserve og reguleringspremie pensjon er dei største postane viser eit underskott på 2,4 mill. kroner. Hovedårsak til minusresultat er at kommunestyret vedtok ein ekstra innsparing på 2,75 mill. kroner i budsjettvedtaket. Denne innsparing har vi ikkje klart å gjennomføra. Dette er kommentert i månedsrapport pr. 31.10.2012 til formannskapet.

Under fellesutgifter har vi også lagt budsjetterte utgifter til samhandlingsreformen. Her er det lagt inn 2 mill. kroner ekstra som konsekvens av venta høgare utgifter. Utgiftene for 2012 ligg rundt 1 mill. kroner over det opprinnelige budsjett. Årsak til at vi kjem noko betre ut enn prognosene, er at det i liten grad er betalt til Helse Fonna for ferdig behandla pasientar. I budsjettet låg det inne 1 mill. kroner til dette føremålet som del av midlene til samhandlingsreformen. Det kan igjen ha medført eit auka press på kommunens omsorgstenester. Når det gjeld medfinansiering viser sluttresultatet at vår utgift blir nær 11,5 mill. kroner. Dette er 2 mill. kroner over den sum som var opprinnleg rekna med utfra vår befolkning. Av dette fekk Tysvær ytterlegare kompensert 895 000 kroner i åra 2012, 2013 og 2014.

På resultatområde skule blir resultatet positivt med 0,5 mill. kroner. I budsjettet for 2012 er det gjennomgått plan for innsparing dei neste åra. I denne planen låg skule inne med 7 mill. kroner for 2013. I og med at innsparing i hovudsak må gjerast på stillinger (løner utgjer over 90 % av budsjettet), blei det gjort vedtak om å redusera rammetimetal frå og med start skuleåret 2012/2013 i august. Dette skulle då i utgangspunktet ha gitt eit større overskott for 2012.

Resultatområde aktivitet og omsorg har tidleg i året i månedsrapporteringa vist til utfordringar med å halda budsjetttramma. Rapportert underskott har auka utover året, og var i siste månedsrapport venta å bli over 12 mill. kroner. Årsak ligg i hovudsak inn mot ressurskrevjande brukarar, men dette utdypes i årsmelding frå resultatområdet. Det blei gitt ein tilleggsløyving på 9 mill. kroner basert på siste tertialrapport. Sluttresultatet er ein minus utfrå justert budsjett på 1,6 mill. kroner, eit resultat som er noko betre enn siste prognose.

Resultatområde tverrfaglege tenester er det andre området som gjennom året har meldt om utfordringar med å halda budsjetttramma. Dette hadde sin årsak i meirutgifter barnevern; utgifter som var klarlagt tidleg i året ville påløpa. Med bakgrunn i siste tertialrapport blei det tilleggsløyvd 4 mill. kroner til området. Sluttresultatet blir ein pluss på 1,5 mill. kroner i høve til justert budsjett. Årsak til eit betra resultat er meirinntekter for ressurskrevjande brukarar.

Resultatområde teknisk kjem ut med eit negativt resultat på 0,8 mill. kroner. Det er store variasjonar innanfor resultatområdet, og det er meirutgifter vedlikehald som er årsak til budsjettunderskott. Til asfaltering Frakkagjerdvegen gjekk det med over 1,2 millioner.

På VAR-området ser vi at resultatet er 1,4 mill. kroner svakare enn budsjettet. Bakgrunnen er at vi får mindre utgifter til kapitalutgiftsdekning på grunn av forseinka framdrift av anlegga. Dermed er inntektene for høge frå innbyggjarane, og desse inntekter må då setjast av til sjølvkostfond. Det er netto overført til bundne driftsfond 4,3 mill. kroner som gjeld avsetjing av for høge inntekter frå vatn- og kloakkgebyrer. På selvkostfond står det ved årsskiftet 3,6 mill. kroner på selvkostfond kloakk og 7 mill. kroner på selvkostfond vatn.

Resultatområdet barnehage kjem ut med eit driftsoverskott på 0,6 mill. kroner. Dette er resultatet før gjennomgang av regnskap opp mot budsjett for overføring til private barnehagar. Resultatet for året er at vi må betala ytterlegare 1,2 mill. kroner til dei private barnehagane. Ved kommunestyret sitt vedtak på regnskapet, må dette finansierast med 0,6 mill. kroner frå overskottet for året og 0,6 mi!!.. kroner frå bundne driftsfond barnehagane (gjenverande skjønnsmidler).

### **Brutto driftsresultat**

Brutto driftsresultat er kommunens resultat før dekning av renter og avdrag, og før avsetjingar til budsjettete føremål. I høve til resultater som framkommer i Kostra avviker vi her i denne oppstillinga, ved at det i Kostra er tatt med momskompensasjon investeringar (utgjer 5,4 mill. kroner i 2012) som

inntekt, medan vi vel å ta den ut og direkte føra over til investeringar. Vi meiner det gjev eit meir reelt bilet av driften. I tillegg har vi med bidrag frå fond og avsetjingar til fond, som er gjort innanfor resultatområda.

Brutto driftsresultat for kommunen er da på 39,9 mill. kroner mot opprinnelag budsjettet 50,8 mill. kroner (justert budsjett 38,6 mill. kroner), ei mindreinntekt på 10,9 mill. kroner.

#### *Renter, avdrag og kompensasjonsinntekter til dekning kapitalutgifter*

Samla for dette området er det opprinnelag budsjettet med netto utgifter på 25,7 mill. kroner, mens resultatet blir netto utgifter på 23,6 mill. kroner, eit betra resultat i høve til budsjett på 2,1 mill. kroner.

På renteinntektssiden syner resultatet ein meirinntekt på 3,1 mill. kroner. Her har vi budsjettet forsiktig i forhold til rentenivå, og vi har også hatt sterkt likviditet i året som har gitt positivt driftsbidrag. Slik vår bankavtale er, svarar det seg for kommunen å ta opp budsjettete lån tidleg i året. Plasseringane i obligasjonsmarknaden gav også god avkastning i 2012, og klart betre enn i 2011.

Renteutgiftene er i samsvar med budsjett. I økonomiplanen er det tatt høgde for vesentleg høgare rente framover i tid, men med dei prognosene som nå er gitt for renteutvikling framover i dei neste 4 åra, ligg vi i budsjett og økonomiplan godt over dette nivå i økonomiplanperioden.

Kompensasjonsinntektene for lån gjeve til ulike føremål er på 9,1 mill. kroner, mot budsjettet 9,8 mill. kroner i opprinnelag budsjettvedtak. Kompensasjonsinntektene er i 2012 om lag i samsvar med det som er sett opp som forventa inntekt dei neste åra. I desse inntekter ligg rente- og avdragskompensasjon frå investeringar i skulebygg, institusjonar og omsorgsbustadar, i tillegg kjem inntekter frå startlån, leigeinntekter Meny-bygget og frå inntektsført frå Tysvær Arena Drift.

I høve til siste post er forventa driftsinntekter første halvår 2011 frå driftsselskapet omgjort til eit utlån med innbetaling seinast i 2014. Denne er «betalt» ved dekning av den kommunale kassekreditten. Uteståande for 2010 skulle i samsvar med vedtak i kommunestyret slettast, under vilkår av at Haugaland Håndball gjorde opp alt til Tysvær Arena Drift rettidig framover i tid, og driftsselskapet så gjorde opp med kommunen. Dette har ikkje skjedd, og kravet står soleis fast. Samla står det ved årrskiftet inklusiv bruk av kassekredit, 2,9 mill. kroner udekka frå driftsselskapet til kommunen. Det blir laga eiga sak våren 2013 som vurderer korleis inndeckning av uteståande krav kan dekkast.

Kompensasjon for dekning av renter og avdrag på VAR-området gjenspeglar seg i den budsjettete og regnskapsførte meirinntekt som ligg i VAR-området ovenfor i tabellen over resultatområda sine resultater.

2011 var siste året med utbytte og renter frå Haugaland Kraft etter gjeldande avtale med beregningsutgangspunkt 112,5 mill. kroner for utbytte og renter samla frå selskapet til eigarkommunane. Vår andel av dette er 9,8 % = 11 025 000. Vi har i april 2013 fått melding om at utbytte/renter for 2012 blir rekna med utgangspunkt i 120 mill. kroner samla renter og utbytte frå kraftselskapet. Vår andel aukar med det til kr. 11 760 000. Meirinntekt bokføres som ekstrainntekt i 2013.

Avdrag er i samsvar med budsjett.

#### **Netto driftsresultat**

Netto driftsresultat er bildet på kommunens reelle økonomiske handlefridom. Denne bør vera minimum 3 % av kommunens samla driftsinntekter inklusiv renter (samla driftsinntekter er 852 mill. kroner). Tysvær har med eit netto driftsresultat (som da ikkje har med seg momskompensasjon for investeringar) på 16,3 mill. kroner rundt 1,9 % av driftsinntektene som netto driftsresultat (2,5 % om momskompensasjon investeringar er med jfr. tal frå Kostra).

Tabellen nedanfor syner hovudtala frå den store tabellen, med eit samla negativt resultat for kommunen i høve til budsjett på 6 mill. kroner.

	Budsjett (vedtak)	Budsjett (justert)	Rekneskap	Avvik vedtak/regnskap
Inntektssystemet	608 ,7	612,2	617,0	8,3
Resultatområda	557,9	573,5	577,1	- 19,2

<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>50,8</b>	<b>38,7</b>	<b>39,9</b>	<b>-10,9</b>
<b>Kapitalutgifter - netto</b>	<b>-25,7</b>	<b>-25,7</b>	<b>-23,6</b>	<b>+ 2,1</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>25,1</b>	<b>13,0</b>	<b>16,3</b>	<b>- 8,8</b>

Resultatet for året er negativt med 8,8 mill. kroner i høve til opprinnelig budsjettvedtak. Resultatområda kjem samla ut med 19,2 mill. kroner i minus vi høve til budsjett. I dette resultatet ligg også meirutgifter til samhandlingsreformen, utgifter det i 2012 i liten grad har vore mogeleg å påverka. Netto kapitalutgifter og meirinntekter skatt gjer at sluttresultatet for året blir vesentleg retta opp.

### **Bruk av driftsresultatet**

#### *Momskompensasjon investeringar*

Momskompensasjon investeringar er redusert frå 13,4 mill. kroner i 2010, til 8,0 mill. kroner i 2011 og vidare til 5,4 mill. kroner i 2012. Dette viser at kommunens investeringar er vesentleg redusert dei siste åra. Vatn- og kloakkanelegg er ikkje med i ordninga med momskompensasjon. Momskompensasjon er ikkje inntekter som gjev grunnlag for auka driftsnivå, og skal i løpet av 4 år (siste år er 2013) fasast heilt ut av driftsregnskapet, og blir da ført som inntekt i investeringsregnskapet. Tysvær tok dette grepet fullt ut i budsjettet for 2011.

#### *Disponering av overskott 2011*

Kommunestyret gjorde vedtak om at overskottet på 5,5 mill. kroner for 2011, skulle disponerast med 4 mill. kroner avsett til generelt disposisjonsfond og 1,5 mill. kroner til utgifter i samband med varsle tenestegjennomgang for omsorg og barn og unge.

#### *Overføring til investeringar*

Av vedtatte overføringer til investeringar er det brukt 4,4 mill. kroner til konkrete investeringsprosjekter i 2012. Det er opprinnelig budsjettet med 22,4 mill. kroner som overføring frå drift til investeringar (eksklusiv momskompensasjon investeringar).

#### *Overskott*

I siste tertialrapport til kommunestyret vart det lagt fram ein prognose som viste at det var rekna med at vi ville få eit netto driftsresultat for året på 12 mill. kroner og med det redusert overføring frå drift til investering på 12,4 mill. kroner. Med bakgrunn i denne forventning blei det gjort budsjettendringar som reduserte budsjettet overføring til investeringar.

Overskuddet, etter avsetjing av driftsmidler til investering i samsvar med budsjett, og overføring av momskompensasjon, er på 11,9 mill. kroner. Budsjetterte overføringer til ikkje gjennomførte prosjekter blir å ta opp i samband med kommunestyret sitt vedtak på godkjenning av rekneskap og disponering av resultat.

Ved framlegg av rekneskap vil det vera rådmannen si tilråding at dette overskottet i hovudsak blir sett av til vedtatte investeringar i 2012, i samsvar med kommunestyret sitt vedtak for budsjett 2012. Dersom heile summen blir vedtatt avsett til investeringar vil det samla bli sett av 16,3 mill. kroner til investeringar frå rekneskap 2012 (11,9 mill. kroner + 4,4 mill. kroner). Det vil da vera 6,1 mill. kroner av vedtatte investeringar i 2012 som treng ny finansiering (22,4 – 16,3 mill. kr.).

## **INVESTERINGAR**

Samla er det investert for 85 mill. kroner (144 mill. kroner i 2011 og 129 mill. kroner i 2010). I dette talet ligg det fortsatt store investeringar inn mot Aksdal Næringspark, der kommunen står for utbygginga, mens størstedelen av utgiftene blir refundert frå driftsselskapet. Utdjupande kommentarer og detaljer om investeringsprosjektene går fram av det framlagde rekneskap og kommentarar frå resultatområda teknisk for det einskilde prosjekt.

## **LÅNEGJELD**

Kommunen si lånegjeld er ved årsskiftet på 735 mill. kroner (711 mill. kroner i 2011). Auka lånegjeld er på 24 mill. kroner. Auken har sin årsak i budsjetterte låneopptak til gjennomføring av vedtatte investeringar til vatn og kloakk. Lånegjelda blir målt i høve til samla driftsinntekter i kommunar – dette skal gjenspegle vår evne til å betala avdrag og renter som konsekvens av lånegjelda. Ved årsskiftet er lånegjeld i % av samla driftsinntekter inklusiv renteinntekter (852 mill. kroner) på 86 % (89 % i 2011). Tala syner at vi er sterkt bundet opp på gjeldsiden.

Den handlingsregelen som kommunestyret vedtok ved siste budsjettet – lånegjeldsdelen i % av samla driftsinntekter på det kommunen sjølv må dekka skal vera stabilt– er det heilt sentralt for kommunen å oppnå i åra framover. Reell lånegjeld = det kommunen må dekka inn med eigne midlar er ved årsskiftet på 437 mill. kroner (441 mill. kroner i 2011). Det inneber at 298 mill. kroner blir eller blir forutsatt heilt (både renter og avdrag) eller delvis (renter) dekka av andre gjennom gebyrer vatn og kloakk (grunnlag 115 mill. kroner), skuleutbygging (65 mill. kroner), omsorgsutbygging (33 mill. kroner), Tysvær arena (23 mill. kroner), Meny-bygget (35 mill. kroner), kyrkjene (1 mill. kroner) og startlån (26 mill. kroner). Reell lånegjeld i % av samla driftsinntekter utgjer med det 51 % (55 % i 2011) ved årsskiftet. Reelt har vi betra vår situasjon på gjeldssida, i samsvar med kommunestyret sine vedtak.

#### **OPPSUMMERT ØKONOMI 2012**

Kommunen får eit betre resultat for 2012 enn for 2011. Men det er klart dårligare enn det vi la til grunn i budsjettet . Utfordringane for kommunen i 2012 ligg på omsorgsområdet og barnevern i høve til sterk utgiftsvekst utover budsjett. Begge områda vil bli vurdert med gjennomgangg av driftssida i 2013, med sikte på å få til varige mindreutgifter til tenestene.

Det er viktig å sjå bak tala for resultatfobedringa frå 2011 til 2012. Overføring frå fond bidrar til at resultatet blir over 5 mill. kroner betre, dette er midler vi ikkje kan rekna med over tid. I tillegg ligg det her auka eigedomsskatt på 4,6 mill. kroner, som i budsjett for 2012 var rekna å bidra til eit vesentleg betre resultat enn det resultat kommunen kom ut med.

Kommunen si lånegjeld er stabil i samsvar med kommunestyret sitt budsjettvedtak.



**KPMG AS**  
Karmsundgata 72  
N-5529 Haugesund

Telephone	+47 04063
Fax	+47 52 70 37 70
Internet	<a href="http://www.kpmg.no">www.kpmg.no</a>
Enterprise	935 174 627 MVA

Til kommunestyret i Tysvær kommune

## MELDING FRÅ REVISOR

### Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Tysvær kommune som viser kr 603 939 885,30 til fordeling drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på 11 846 844,00. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2012, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoен, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

### Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ein dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god communal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som rådmannen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

### Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god communal revisionsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ein dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Tysvær kommune per 31. desember 2012 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god communal rekneskapskikk i Noreg.

#### Offices in

Oslo	Haugesund	Sandnessjøen
Aita	Knarvik	Stavanger
Arendal	Kristiansand	Stord
Bergen	Larvik	Straume
Bodø	Mo i Rana	Tromsø
Eidsvoll	Molde	Trondheim
Elverum	Narvik	Tønsberg
Finnsetas	Grimstad	Alesund
Gjermund	Røros	
Hamar	Sandefjord	

KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.  
Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

**Utsegn om andre tilhøve*****Konklusjon om budsjett***

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

***Konklusjon om årsmeldinga***

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningsane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

***Konklusjon om registrering og dokumentasjon***

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiringa har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Haugesund, 16. mai 2013  
KPMG AS

Willy Hauge  
*Statsautorisert revisor*

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.05.13	<b>10/13</b>

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø		216

## **UTKAST TIL PROSJEKTPLAN – FORVALTNINGSREVISJON - VEDLIKEHALD AV KOMMUNALE BYGG OG ANLEGG**

**Vedlegg:** **KPMG:** Utkast til prosjektplan- «Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg i Tyvær kommune»

### **Saksorientering:**

Kontrollutvalet ba i møte 20.11.12, sak 23/12 revisor om å leggja fram eit prosjektmandat om «Samarbeid på tvers av tenesteområda» til møte i mars. Utvalet bestilte prosjektet i møte 06.03.13, sak 5/13 og bestillinga blei oversendt 07.03.13. I e-post frå revisor, etter samtal med rådmannen, blei det ikkje sett på som optimalt å setje i gong prosjektet. Sekretariatet sendt ut sak om skifte av prosjekt. Utvalet vedtok i sak 6/13 og vedtak frå 22.04.13 å stanse bestilt prosjekt og heller be om KPMG leggje fram utkast til prosjektmandat på nytt prosjekt om «Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg».

Revisor foreslår i det vedlagte utkast til prosjektmandat at føremålet med prosjektet vil vere å sjå kva rutinar og system kommunen har for å sikre at mål/ strategiar for vedlikehald av kommunale bygg og anlegg vert oppfylt. Forvaltningsrevisjonen vil:

- Kartlegge mål og strategiar for vedlikehald
- Undersøke rutinar, praksis og tiltak i kommunen for å oppfylle mål og strategiar

Det er også eit formål å gi tilrådingar om framtidige forbetingar/tiltak.

Forvaltningsrevisjon vil svare på fylgjande to hovudproblemstillingar:

1. Kva mål og strategiar har kommunen vedrørande vedlikehald av bygg og anlegg?
2. I kva grad oppfyller kommunen mål og strategiar for vedlikehald?

Herunder vil det vere naturleg å mellom anna undersøke:

- Korleis ansvar og oppgåver for vedlikehald er fordelt,
- Korleis system, planer og rutinar for vedlikehald er formalisert,
- I kva grad system, planar og rutinar vert etterlevt og,
- I kva grad understøtter disse kommunens strategiar og mål.

På bakgrunn av funn knytt til problemstillingane, vil KPMG kome med forslag til tiltak for å redusere eventuelle gap mellom revisjonskriteria og praksis.

Revisor påpeiker at prosjektet er avgrensa til hovudsakleg fokusere på vedlikehald av kommunen sin bygningsmasse som resultatområdet 3 Teknisk har ansvaret for. Dei vil også sjå på vedlikehald av vassforsyning og avløp. Dei kjem derimot ikkje til å sjå på vedlikehald av veg og samferdsle eller grøntanlegg/ skog/ idrettsanlegg.

Slik prosjektet nå ligg føre er det kostnadsrekna til i alt 200 timer. Timane er innanfor det som er sett av til forvaltningsrevisjon i 2013.

Kontrollvalet må før endelig bestilling ta stilling til om dei føreslårte problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ønskjer å oppnå med prosjektet.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vedlikehald av kommale bygg og anlegg i Tysvær kommune" i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/ evt. med desse endringane:

Ramma vert sett til 200 timer.

Aksdal, 21.05.13

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

*VEDLIKEHALD*



# PROSJEKTPLAN

*Laga iht. RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon*

---

PROSJEKTNAMN      **VEDLIKEHALD AV KOMMUNALE BYGG OG  
ANLEGG I TYSVÆR KOMMUNE**

---

Forvaltningsrevisjon

---

KOMMUNE/nr

---

Tysvær kommune/ 1146

---

UTFØRENDE REVISORER

---

Willy Hauge

Øivind Hauge Støle

Kari Hesjedal

Ingvill Strand

---

VURDERING AV HABILTET(*Iht forskrift om revisjon og kommuneloven  
§ 79*)

---

Etter vår vurdering vil ingen av dei utførande revisorar få  
abilitetsproblem ved gjennomføringa av dette prosjektet, jfr.  
eigenerklæringsskjema.

## FØREMÅL OG PROBLEMSTILLINGAR

### Bakgrunn

Forvaltningsrevisjon retta mot vedlikehald av kommunale bygg er eit område som er prioritert i Tysvær sin plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015.

I arbeidet med planen vart det sendt ut ein spørjeundersøking, og resultatet viser mellom anna at om lag 2/3 av respondentane meinar at det i stor eller svært stor grad er manglande vedlikehald på kommunen sine bygg. Prioritering, økonomi og ressursar er gjennomgåande forklaringar på kva som kan vere årsaka. Vedlikehald vart også nemnt i dei fleste intervjua som eit område aktuelt for ein forvaltningsrevisjon.

Eit stort eller vaksande etterslep på vedlikehald aukar moglegheita for at bygningar som nyttast til skular, arbeidsstader og liknande ikkje følgjer lovpålagnede krav. Det same gjelder manglande vedlikehald på vass- og avløpsleidningar.

I budsjett- og økonomiplanen for 2013-2015 heiter det mellom anna:

*"Reduserte løyvingar (innsparing på budsjett) dei siste åra, auka bygg- og anleggsmasse å vedlikehalda, samt stor prisauke på kjøp av varer og tenester har ført til stadig dårlegare standard på vedlikehaldet. På sikt gjer dette at bl.a. kommunale veger og bygningar forfelli og misser verdi."*

I fylge leiar for tenesteområdet Teknisk skal tenesteområdet omorganiserast i løpet av sommaren. Eininga har også eit mål om å utarbeide planar og mål for vedlikehaldsarbeidet. Leiaren trur det vil vere positivt med ein forvaltningsrevisjon no, som kan belyse korleis vedlikehaldsarbeidet blir utført i dag, og viss aktuelt kome med forslag til forbeteringar.

### Føremål

Forvaltningsrevisjonen sitt formål vil vere å sjå kva rutinar og system kommunen har for å sikre at mål/ strategiar for vedlikehald av kommunale bygg og anlegg vert oppfylt. Forvaltningsrevisjonen vil:

- Kartlegge mål og strategiar for vedlikehald
- Undersøke rutinar, praksis og tiltak i kommunen for å oppfylle mål og strategiar

Det er også eit formål å gi anbefalingar om framtidige forbeteringar/tiltak.

### Avgrensing

I denne forvaltningsrevisjonen vil vi hovudsakleg fokusere på vedlikehald av kommunen sin bygningsmasse som resultatområdet

Teknisk har ansvaret for. Vi vil også sjå på vedlikehald av vassforsyning og avløp. Vi kjem derimot ikkje til å sjå på vedlikehald av veg og samferdsle eller grøntanlegg/ skog/ idrettsanlegg.

#### **Problemstillingar:**

Forvaltningsrevisjon vil svare på følgjande to hovedproblemstillingar:

- 1 Kva mål og strategiar har kommunen vedrørande vedlikehald av bygg og anlegg?
- 2 I kva grad oppfyller kommunen mål og strategiar for vedlikehald?

Herunder vil det vere naturleg å mellom anna undersøke:

- Korleis ansvar og oppgåver for vedlikehald er fordelt
- Korleis system, planer og rutinar for vedlikehald er formalisert
- I kva grad system, planar og rutinar vert etterlevt
- I kva grad understøtter disse kommunens strategiar og mål

På bakgrunn av funn knytt til problemstillingane, vil KPMG kome med forslag til tiltak for å redusere eventuelle gap mellom revisjonskriteria og praksis.

---

#### **REVISJONSKRITERIA (Jfr. pkt 25-29 i RSK 001)**

Aktuelle kjelder for å uteie revisjonskriteria er:

Kommuneloven og anna sentralt lovverk  
Politiske vedtak  
Kommunale styringsdokument

---

#### **METODE (Jfr. pkt 30-34 i RSK 001)**

Aktuelle metodiske tilnærmingar er:

Dokumentanalyse  
Intervju

## MILEPÆLER

---

Prosjektplan i KU 28.05.2013  
Oppstartsbrev juni 2013  
Datainnsamling juni - september 2013  
Underveisrapportering til KU-møte 3. september  
Rapportutkast oktober 2013  
Høyring oktober/ november 2013  
Rapport handsamast i KU 12. november 2013

## RESSURSBEHOV; PLANLAGT TIDSFORBRUK

---

Estimert tidsbruk interne ressursar KPMG:

Oppdragsansvarleg revisor: 10 t  
Prosjektleiar: 50 t  
Prosjektmedarbeidrarar: 140 t  
Totalt: 200 t

## PRIS

---

I henhold til avtale